

# Motivasjon og leiing av frivillige

*Kva styrkjer motivasjonen hjå frivillige i ein  
heilårleg kulturorganisasjon?*

---

**Daniel Stølen Alme**

*Master i kulturstudiar – vår 2017*

Høgskolen i Sørøst-Norge

Postboks 235

3603 Kongsberg

<http://www.usn.no>



# Forord

Denne masteroppgåva markerar slutten på eit langt utdanningsløp som har kulminert i ein samansett og spennande utdanningsretning. Ein bachelorgrad som musikkpedagog med mange ulike instrument og musikkproduksjon som oppgåve, samt denne mastergraden i kulturstudiar med fokus på kulturleiing og motivasjon av frivillige.

Temaet for denne masteroppgåva er motivasjon og leiing av frivillige ved heilårlege kulturorganisasjonar. Det viser seg at det er mangelfull forskning og empiri på heilårleg frivilligheit dersom ein ser vekk frå idretten. Dette temaet valde eg både på grunn av personleg og profesjonell interesse for feltet. Den personlege interessa har gjort oppgåvearbeidet og datainnsamlinga både interessant, utfordrande og til tider særskilt krevande. Særleg å setja seg inn i relevant litteratur og tidlegare forskning.

Mange har bidrege til at denne oppgåva vart fullført. Ein stor takk til alle respondentar på alle dybdeintervjua mine. Utan den innsamla dataen frå dykk hadde oppgåva hatt ingenting å byggja på. Takk for at de tok dykk tid til mine førespurnadar. Også takk til veileidar Tobias Harding for veldig god tilbakemelding og konstruktiv kritikk.

Til slutt vil eg takka alle mine nære og kjære, familie og venner for at dykk har støtta og hjelpt meg fram i ei stressande tid med mange oppturar og nedturar. Tusen takk for all støtta og oppmuntrande ord. Utan dykk hadde ingenting vorte gjort og kvar dag vore dårlegare.

Bergen, 25. Januar 2018

*Daniel Stølen Alme*

# Innholdsforteikning

Forord .....	3
Liste over tabellar og figurar.....	6
Samandrag .....	7
<b>1. Innleiing .....</b>	<b>8</b>
1.1 Formål .....	9
1.2 Problemstilling.....	10
1.3 Bakgrunn .....	11
1.4 Oppbygging av masteroppgåva .....	14
<b>2. Teoretisk rammeverk.....</b>	<b>16</b>
2.1 Omgrepsavklaring .....	16
2.2 Frivilligheit .....	19
2.2.1 Det frivillige organisasjonssamfunnet før.....	20
2.2.2 Frivilligheit i endring.....	22
2.2.3 Det sjølvrealiserande frivillige organisasjonssamfunnet no .....	27
2.2.4 Frivilligheit utanfor organisasjonane.....	29
2.3 Motivasjonslære .....	31
2.4 Sjølvstyreteorien.....	33
2.4.1 Organismisk integrasjonsteori .....	34
2.5 Volunteer Functions Inventory.....	35
2.6 Motivasjonsteoriar nytta i oppgåva.....	38
2.7 Kulturleiing .....	39
<b>3. Forskingsdesign og metodisk tilnærming.....</b>	<b>40</b>
3.1 Kvalitativt metodeval .....	41
3.2 Utval av respondentar.....	43

3.3	Datainnsamling .....	45
3.4	Analytiske verktøy av datainnsamlinga.....	46
3.5	Etiske omsyn.....	47
3.6	Reliabilitet og validitet i undersøkinga.....	48
<b>4.</b>	<b>Analyse av datamaterialet .....</b>	<b>50</b>
4.1	Dybdeintervju .....	50
4.1.1	Ansvarleg for frivillige i heilårleg kulturorganisasjon .....	50
4.1.2	Frivillig i heilårleg kulturorganisasjon.....	58
4.1.3	Ansvarleg for frivillige i eventbasert kulturorganisasjon.....	74
4.2	Motivasjon av frivillige .....	77
4.3	Leiing av frivillige.....	79
<b>5.</b>	<b>Drøfting.....</b>	<b>81</b>
5.1	Kva styrkjer motivasjonen hjå heilårlege frivillige? .....	81
5.2	Leiing som motivasjon.....	82
5.3	Ulikheitar mellom festival og heilårleg .....	84
5.4	Kva motiverar ikkje?.....	85
5.5	Kva manglar? .....	86
<b>6.</b>	<b>Konklusjon .....</b>	<b>87</b>
6.1	Teori, empiri og drøfting .....	87
6.2	Vidare arbeid .....	89
	Litteratur .....	i
	Liste over vedlegg.....	vi

# Liste over tabellar og figurar

## Tabell

Tabell 2.1	Medlem- og innbyggjaroversikt for primærorganisasjonar 1940-talet.....	21
Tabell 2.2	Medlem- og innbyggjaroversikt for primærorganisasjonar 1980-talet.....	24
Tabell 2.3	Medlemskap per innbyggjar i 1957 og 1986.....	25
Tabell 2.4	Dei seks kategoriske funksjonane i VFI.....	37
Tabell 4.1	Definisjonstabell Respondent 1 og 2.....	51
Tabell 4.2	Definisjonstabell Respondent 3 - 6.....	58
Tabell 4.3	Bakgrunn - Kopling av tema og einingar Respondent 3 – 6.....	59
Tabell 4.4	Rekruttering - Kopling av tema og einingar Respondent 3 – 6.....	60
Tabell 4.5	Motiv - Kopling av tema og einingar Respondent 3 – 6.....	60
Tabell 4.6	Motivasjon - Kopling av tema og einingar Respondent 3 – 6.....	61
Tabell 4.7	Krevande - Kopling av tema og einingar Respondent 3 – 6.....	62
Tabell 4.8	Goder - Kopling av tema og einingar Respondent 3 – 6.....	62
Tabell 4.9	Demotivasjon - Kopling av tema og einingar Respondent 3 – 6.....	63
Tabell 4.10	Tilbakemelding - Kopling av tema og einingar Respondent 3 – 6.....	64
Tabell 4.11	Heilårleg/eventbasert - Kopling av tema og einingar Respondent 3 – 6.....	64
Tabell 4.12	Definisjonstabell Respondent 7.....	74

## Figur

Figur 1.1	Satelittregnskap for ideelle og frivillige organisasjonar, 2015.....	13
Figur 3.1	Inkluderingskriterier, ekskluderingskriterier og utval.....	44
Figur 4.1	Ordsky Respondent 1.....	51
Figur 4.2	Ordsky Respondent 2.....	54
Figur 4.3	Ordsky Respondent 3.....	65
Figur 4.4	Ordsky Respondent 4.....	68
Figur 4.5	Ordsky Respondent 5.....	70
Figur 4.6	Ordsky Respondent 6.....	72
Figur 4.7	Ordsky Respondent 7.....	75

# Samandrag

Innan dei fleste delar av kulturfeltet er ein heilt avhengig av frivillig arbeid både i planleggings- og gjennomføringsfasen av eventar<sup>1</sup>, årlege hendingar (som t.d. festivalar) og heilårleg drift. Formålet med denne undersøkinga er å avdekke kva som motiverar unge frivillige innan heilårleg drift i kulturorganisasjonar i Noreg, og kva grep som vert gjort av organisasjonane (særleg dei ansvarlege) for å oppretthalda rekrutteringa og motivasjonen gjennom heile året. Svært mykje av den eksisterande forskinga og teorigrunnlaget bransjen sjølv baserar sin handtering av frivillige og metodar på, er basert på forskning og teori rundt årlege eventar.

## Metode

Hovuddatainnsamlinga vart gjennomført hausten 2017 med dybdeintervju av 4 frivillige og 2 ansvarlege for frivillige ved studentorganisasjonar med heilårleg frivilligheit i Bergen. Som samanlikningsgrunnlag for eventbasert frivilligheit, har eg gjennomført eit dybdeintervju med ein ansvarleg for frivillige i ein eventbasert organisasjon i Bergen. Denne kvalitative tilnærminga valde eg på grunn av styrkar på inngåande informasjon og eksplorerande tilnærming til empiri og problemstilling.

## Konklusjon

Motivasjon er eit omfattande tema, særleg i samband med frivillige som gjev av sin tid utan direkte lønn for arbeidet. Frivilligheit baserar seg på ein type motivasjon som endrar seg over tid - både kollektivt og individuelt. Sjølv om motivasjon må sjåast på eit individuelt nivå, er det viktig for ein organisasjon å leggja opp rutinar for den kollektive motivasjonen i tillegg til den individuelle. God kommunikasjon og leiing fører til gode rutinar og til at dei frivillige veit kva dei skal til ein kvar tid. Autonom<sup>2</sup> motivasjon er den beste motivasjonen for at den frivillige held fram med den frivillige innsatsen over tid. Inkludering i organisasjonen og ansvarleggjering er også svært viktig. Kontrollert motivasjon passar best for kortfatta engasjement der belønninga er viktigast. Det er også viktig saman med kontrollert motivasjon at alle forventningar er kommunisert tydeleg i forkant av engasjementet.

---

<sup>1</sup> Arrangement eller hending, arrangert som enkelståande hendingar for bedrifter etc.

<sup>2</sup> Sjølvstyrande, under eigen kontroll.

# 1. Innleiing

Wollebæk og Sivesind (2010) kjem i sin rapport fram til at Noreg framleis har ein særskild aktiv frivillig sektor samanlikna med andre land. Derimot viser dei til ei utvikling og endring av tidlegare mønster innan frivilligheita. Involveringa har ei dreining frå aktiv deltaking til passivt medlemskap, og motivasjonen for frivillig innsats handlar i større grad om sjølvrealisering og profesjonalisering for individet enn tidlegare.

Dette er ei utvikling som også vert reflektert i rapporten "Frivillig innsats i Norge 2008-2014" (Folkestad, Christensen, Strømsnes og Selle 2015). Dei samanlikna fire målepunkt med endringar og utviklingar, og konkluderar med at frivillig innsats er i endring sjølv om "omfanget av frivillig innsats i Noreg er stabilt høgt, og til dels stigande" (ibid., s.65).

*"(...)Eit anna funn, som delvis heng saman med dette, er at talet organisasjonar ein gjer ein frivillig innsats for er aukande. Medan det tidlegare var vanlegast at ein gjorde frivillig arbeid for ein organisasjon, er det no like vanleg at ein gjer ein innsats for 3 eller fleire organisasjonar. Med andre ord ser det ut som om den frivillige innsatsen i aukande grad vert fordelt på fleire organisasjonar samanlikna med det som var situasjonen tidlegare, noko som også kan tyde på aukande differensiering og svekka band mellom dei einskilde organisasjonane og dei frivillige."*  
(ibid., s.68)

Slike utviklingar kan tyde på at frivillig arbeid i større grad enn tidlegare kan motiverast av personlege motiv og sjølvrealisering, enn eit ynskje om å bidra i eit fellesskap. I denne oppgåva har eg utreda kva som motiverer ein frivillig ved ein heilårleg kulturorganisasjon og kva som skal til for at den individuelle frivillige vil halda fram som frivillig. I kapittelet med analyse av datainnsamlinga vil eg setta lys på motivasjon som ein viktig faktor for både rekruttering, leiing, handtering og vidare utvikling av dei frivillige i ein organisasjon.

Rapporten "Betingelser for frivillig innsats" konkluderar med at det ikkje finnes ein universell forklaringsmodell på kvifor folk driv med frivillig arbeid, men at ulike modellar må sjåast som komplementære til kvarandre. Forklaringar på at deltakinga byrjar og held fram, må ta



utgangspunkt i både subjektive disposisjonar, individuelle utgangsbetingingar og forhold ved konteksten (Wollebæk, Sætrang og Fladmoe 2015):

*”Funnene i rapporten understreker også behovet for å se motivasjon som en prosess som er dynamisk på flere måter: For det første ved at vi ser at det som bringer en inn i frivillighet er ikke nødvendigvis det som får en til å bli. Og årsakene til at man slutter har ikke nødvendigvis med motivasjonssvikt og mangel på tilfredshet å gjøre – når det kommer til stykket er det ofte livssituasjonen som er avgjørende. For det andre kommer dens dynamiske natur tydelig fram når vi ser endringer over tid – motiver og handling påvirkes også av endringer på organisasjons- og samfunnsnivå.”*  
(Wollebæk et al. 2015 s.162-163)

Frivillighet vert ofte sett på som anten idealistisk/altruistisk eller egoistisk. I denne oppgåva har eg hatt eit ynskje om å utforske den opplevingsbaserte frivilligheita både fordi det er eit område som historisk ikkje har vorte forska like mykje som på den idealistiske frivilligheita, men også fordi eg vil sjå kva som driv dei som utøver denne formen for frivillighet som ikkje nødvendigvis er til hjelp for andre. Det er for meg interessant å sjå kva som motiverar nokon til å jobbe frivillig med noko som dei fleste får betalt for, og kva som skal til for å velje eit slikt engasjement.

## **1.1 Formål**

Formålet med denne utredinga er å utforske kva som motiverer heilårlege frivillige i kulturorganisasjonar og kva leiarar av frivillighet kan gjere for å halde på denne motivasjonen frå rekruttering til årleg gjennomføring. Særleg har datamaterialet dreia seg rundt yngre frivillige, ofte studentar, og kva som kjenneteiknar desse sin innsats i organisasjonssamfunnet.

Målet med oppgåva er å gje ansvarlege for frivillige eit ekstra innblikk i kva som motiverar den enkelte, å belyse at frivillige har både ulike motivasjonar og kan ha dynamiske motiv frå rekruttering til avslutning av tilhøyret, samt kva fokus som kan føra til betre vilkår for individet og fellesskapet i ein organisasjon. Dette kan både nyttast i handteringa av noverande frivillige og i rekrutteringa av nye frivillige i ein organisasjon som er avhengig av frivillig arbeid i sitt

daglege virke og profesjonalitet. Ved å setja fokus på den heilårlege kulturorganisasjonen, vert det bidrege med meir empiri på eit felt som stort sett låner frå andre felt og litteratur.

## 1.2 Problemstilling

*“Kva styrkjer motivasjonen hjå frivillige i ein heilårleg kulturorganisasjon?”*

Intensjonen med denne oppgåva er å få eit innblikk i kva som motiverar ein frivillig som er engasjert på heilårsbasis til forskjell frå ein som er engasjert i ein enkeltevent<sup>3</sup>, og kva ein frå organisasjonens ståstad gjer (og kan gjera betre) for å motivera til vidare engasjement med hjelp av god leiing. Det understrekast at eg ikkje forskar på kva eventbaserte frivillige vert motivert av, sjølv om eg nyttar eventbasert frivilligheit som samanlikningsgrunnlag i oppgåva og at enkelte delar av teorien og empirien i oppgåva kan nyttast på eventbasert frivilligheit. På bakgrunn av dette ynskjer eg å svara på problemstillinga over.

Denne problemstillinga kom eg fram til etter ein gjennomgang av teorien og forskinga på feltet, samt egne erfaringar. Underproblemstillinga går ut på å undersøka korleis heilårleg frivilligheit skil seg frå eventbasert frivilligheit. I oppgåva vert både heilårlege kulturorganisasjonar og heilårleg frivillige undersøkt, ettersom desse omgrepa går i kvarandre. Definisjonen på desse omgrepa vert drøfta vidare i kapittel 2.1.

Kapittel 3 går nærare inn på metoden for undersøkinga, som i denne oppgåva har vore kvalitative intervju med ulik styringsgrad. For å snevra inn området oppgåva vil undersøka, ynskja eg å fokusera på yngre frivillige i kulturorganisasjonar i Bergen. Dette gjev meg eit godt, men avgrensa, utval som er mogleg å undersøka med dei aktuelle parametrane og tilgjengelege ressursane for denne oppgåva.

---

<sup>3</sup> Eit arrangement eller hending kun gjennomført ein gong.

Elstad (1997) studerte organisering og leiing av frivillige i forbindelse med Kongsberg Jazzfestival, og nytta spørjeundersøking som datainnsamling. Ho konkluderar med at indre motivasjon som sosialt samvær og sjølvrealisering var blant dei viktigaste faktorane for dei frivillige, og at ytre motivasjon som materiell belønning var den minst viktige faktoren for dei frivillige. Denne studia viser både trendar i kulturfeltet som heilhet, samt frivillig arbeid sin utvikling over dei siste 30-40 åra. Frivilligheit vert meir profesjonalisert og mindre personleg, sjeldnare knytt opp imot ein organisasjon over lengre tid og den frivillige vert meir oppteken av sjølvrealisering og eigne behov enn eit altruistisk forhold til den aktuelle organisasjonen (Wollebæk & Sivesind 2010; Folkestad et al. 2015).

### 1.3 Bakgrunn

Tema for oppgåva er motivasjon og leiing av frivillige, særleg i tilknytning til heilårleg frivillig arbeid og kva som skil dette frå eventbasert frivillig arbeid. Mykje av teorien som vert nytta i handtering og rekruttering av frivillige, går på organisasjonars eigne erfaringar samt statistikk og tilbakemeldingar frå tidlegare frivillige. Berthelsen og Drevland (2009) viser til at den enkeltes motivasjon kan vera både belønning, sjølvrealisering og "den gode sak". Dei presiserar at det bør tas omsyn til dei frivillige sine ynskjer når det skal fordelast arbeidsoppgåver og at motivasjonsfaktorane er individuelle og kan variera frå person til person. Den enkelte kan også ha fleire motivasjonar samtidig. Dei viser også til pedagogikken når det kjem til motivasjonslære:

*"Innenfor pedagogikken opererer en med fire hovedforståelser av motivasjon:*

***Behavioristisk:*** vektlegger ytre motivasjon utløst av belønning, forsterkning eller straff (...)

***Humanistisk:*** vektlegger indre motivasjon med utspring i behovet for personlig vekst og selvsrealisering (...)

***Kognitivistisk:*** mener at en motiveres av en personlig streben etter mening, forståelse og kompetanse (...)

***Sosiokulturell:*** motivasjon stammer fra ønsket om å være en fullverdig deltaker i en sosial kontekst (...)"

*(Berthelsen og Drevland 2009 s.18)*

I boka "Frivillig innsats" drøftar Wollebæk, Selle og Lorentzen (2000) dei tradisjonelle verdiane og grunnlaget for frivillig innsats i lys av dagens samfunn. Også her er konklusjonen ei utvikling vekk frå medlemskap i store paraplyorganisasjonar til meir deltaking på det lokale plan og ein profesjonalisert og personleg haldning til frivillig innsats. Dette indikera at trenden har vore slik ei stund, men ulike delar av det frivillige organisasjonssamfunnet har sett ulike gradar av utviklinga, noko eg vil koma tilbake til seinare i oppgåva.


Kulturministrane i EU har sidan 1985 vald byar som skal markere Europas kulturelle eining og eigenart gjennom å arrangere ulike kulturtiltak i løpet av eit år. Tiltaket har etter kvart utvikla seg til gigantarrangement med stor konkurranse om å verta utpeikt. I 1999 vart omgrepet "Kulturby" endra til "Kulturhovudstad", og Bergen var ein av 9 byar utpeikt i år 2000 (Europeisk Kulturby 2012). Bergen har eit av verdas eldste symfoniorkester, landets fyrste norske teater, internasjonale festspill, og ei rekke museum og gallerier. Bergen er med dette eit godt utgangspunkt for undersøking av kulturorganisasjonar og kva rolle dei frivillige spelar i kulturorganisasjonssamfunnet i byen som ser på seg sjølv og vert definert som ein kulturby.

Frivilligheit er eit tema med mange variablar. Senter for Forskning på Sivilsamfunn og Frivillig sektor er ein viktig bidragsytar med tanke på rapportering om utvikling og endringar dei ser over tid på dette feltet. Konklusjonane frå fleire rapportar frå denne organisasjonen gav grunnlaget for mitt ynskje om å skrive denne oppgåva som eit bidrag til feltet.

I media er frivilligheit ofte framstilt med både sensasjonelle funn og nye tal. Overskrifter som "Vi er mer frivillig enn vi tror", "Frivillig arbeid kan gi helseboost", "Frivillige utgjør 90.000 årsverk i eldreomsorgen" og "Foreldre betaler seg ut av frivillighet" viser at frivilligheit er noko som opptek store delar av befolkninga og som er av allmenn interesse (Stulen 2015; Schølberg 2014; Langset 2016; Ertesvåg 2015).

Som vist under i figur 1.1 er frivillig arbeid framleis ein verdiskapande faktor i samfunnet, og berre frå 1999 til 2015 auka innsatsen i det uløna frivillige organisasjonssamfunnet frå ca. 113 000 til ca. 148 000 årsverk. Dei frivillige organisasjonane merkar definitivt moderniseringsprosessane som elles skjer i samfunnet og at haldningane til frivilligheit elles er i utvikling (Statistisk Sentralbyrå 2017).

# Satellittregnskap for ideelle og frivillige organisasjoner, 2015



Figur 1.1 Satellittregnskap for ideelle og frivillige organisasjoner, 2015 (Statistisk Sentralbyrå 2017)

Innan optimal forskning er ein oppteken av at ein som forskar skal være open rundt metodeval, bakgrunn og innfallsvinkel. Idealet er å innfri intersubjektivitetskravet, nemleg at oppgåva er tilgjengeleg for fleire enn eitt subjekt. Dette betyr at ein som lesar skal kunna gå inn og kvalitetssjekka tekstas reliabilitet, validitet og generalisering utan ytterlegare informasjon. Fråvær av intersubjektiv einigheit om eit resultat eller ein teori, er nok til å frata resultatet eller teorien krav på objektivitet (kalla «objektivitetsproblemet») (Tranøy 2015). Reliabilitet og validitet i denne oppgåvas metode og datainnsamling vert drøfta ytterligare i kapittel 3.6.

Forskarar har som regel ein bakgrunn og ein interesse for forskning på det aktuelle temaet som gjer ein nysgjerrig, interessert eller bekymra nok til å utføre datainnsamling og analyse. All forskning kan seiast å ha sitt utspring frå ein tanke, nysgjerrigheit eller interesse rundt eit tema eller felt som ein ikkje har nok empiri på. Dette fører til at ein ynskjer å gjennomføre undersøkingar for å falsifisere (avkrefte) eller verifisere (bekrefte) problemstillingar eller tankar ein har rundt eit felt (Sørensen, Høystad, Bjurstöm og Vike 2008).

Eg har sjølv ein bakgrunn innan frivilligheit (eventbasert og heilårleg), arrangementsarrangering, musikkpedagogikk, studentorganisasjonar og kulturleing. Den faktoren som utløyste ynskje mitt om å bidra til forskning på feltet er at det per i dag ikkje finst nok empiri eller forskning rundt tematikken heilårlege frivillige, samt at frivilligheit som felt på lik linje med samfunnet elles stadig er i utvikling. Denne oppgåva er ikkje gjennomført på oppdrag frå ein oppdragsgjevar, og all materiale vert stilt til disposisjon for feltet som heilheit.

## **1.4 Oppbygging av masteroppgåva**

Resten av masterutredinga er bygd opp på følgjande måte:

- I kapittel 2 presenterar eg det teoretiske rammeverket og set dette i perspektiv for oppgåva.
- I kapittel 3 drøftar eg og gjer rede for den metodiske tilnærminga og forskingsdesign.
- Kapittel 4 inneheld analysen av datainnsamlinga eg har gjort i oppgåvetidsrommet.

- I drøftingskapittelet, kapittel 5, drøftar eg resultatane i forhold til teori og tidlegare forskning og empiri.
- Oppgåva vert avslutta med kapittel 6 der eg konkluderar rundt teori og datainnsamling, samt kva eg ser for meg for eventuell vidare forskning rundt same tema, empiri og teoriar.

## 2. Teoretisk rammeverk

Dette kapitlet presenterar det teoretiske rammeverket eg legg til grunn for datainnsamlinga, empirien og analysen i seinare kapittel. Det teoretiske rammeverket er basert på sentrale teoriar frå forskingslitteraturen på frivilligheit og motivasjon. Dei teoriane som vert lagt fram i kapitlet er relevant anten for bakgrunnen for oppgåva, for analysen eller for mine tankar rundt temaet.

Først vil eg koma med ein omgrepsavklaring. Så vert frivilligheit både som teori og historisk utvikling lagt fram. Så vil eg visa til motivasjonslære og teoriar som omhandlar motivasjon som er relevant for oppgåva. Til slutt vert metoda forankra i teori.

### 2.1 Omgrepsavklaring

I all akademisk arbeid er det viktig å avklare omgrep og uttrykk ein nyttar. Dette på grunn av at uttrykk kan ha ulike språklege referansar og kodar i ulike samanhengar, og det er viktig å ha klart kva betyding omgrepa har i forhold til tematikken i oppgåva. I denne delen vert det presentert ei oversikt over sentrale omgrep eg nyttar i oppgåva, samt den operasjonelle definisjonen av det enkelte omgrepet eg legg til grunn for den vidare diskusjonen.

#### **Frivillig**

Eg legg til grunn følgjande definisjon av frivillige i denne oppgåva; Ein frivillig vert definert som ein person som yter ei teneste utan betaling som løn. Denne definisjonen inneber i kulturfeltet at alle som ikkje er tilsette i ein organisasjon, jobbar anten på oppdrag eller som frivillig for organisasjonen. Ein heilårleg frivillig vert i denne oppgåva meint som ein person som er engasjert gjennom heile året i ein eller annan kapasitet, med stort spennvidde i tal på hendingar. Innan organisasjonssamfunnet, vil dette seie at ein heilårleg frivillig er ein frivillig engasjert for ein heilårleg kulturorganisasjon. For til dømes styremedlemmar er det snakk om både møteverksemd, styreoppgåver, samt arbeid kvar veke. For dei som er tilknytte som "vanleg" arbeidskraft, er det ofte snakk om 1 eller 2 kveldar i veka med arbeid. Dette er ulikt



frå organisasjon til organisasjon. Kultur er også eit felt som har stort spennvidde frå sektor til sektor, som til dømes frå idretten til musikken. I datamaterialet er det undersøkt frivillige ved studentorganisasjonar i Bergen, der ein "vanleg" frivillig har arbeid 1 gong i veka.

Ein eventbasert frivillig er ein frivillig som vert tilknytt eit enkeltarrangement (moglegvis over ei avgrensa tidsperiode, t.d. festivalar). Desse har ikkje eit heilårleg engasjement, og er som regel ferdige med sitt arbeid når arrangementet er avslutta. Eventbaserte frivillige er ofte tilknytt eit arrangement i svært kort tid før og etter sjølve arrangementet og er meir konsentrert arbeidskraft når det kjem til arbeidstimar. Fleire rapportar viser til at særleg unge frivillige baserar sitt engasjement meir rundt korte hendingar med eigne behov og ynskjer som motivasjon enn langvarig medlemskap hjå organisasjonar (Lochocki 2010).

### **Motivasjon**

I denne oppgåva legg eg til grunne ein definisjon av motivasjon som motiv for åtferd. Motivasjon er eit samleomgrep for dei faktorar som set i gang og som styrer åtferda i menneskjer og dyr (Teigen 2016). I denne masteroppgåva vert bakgrunnen for omgrepet motivasjon henta frå pedagogikken og viser til motivasjonslære. Teorien for motivasjonslære vert utdjupa i kapittel 2.3.

Dataen i denne oppgåva på "heilårleg frivillig" og "ein heilårleg kulturorganisasjon" går litt i kvarandre. Med fokus på motivasjon er det naturleg å undersøka både kva organisasjonen gjer og kva dei frivillige opplev som motivasjon. Distinksjonen går mellom kva organisasjonen sjølv gjer og kva den frivillige gjer når det kjem til motivasjon.

### **Kultur**

Johan Fjord Jensen (1988) argumenterar for eit todelt kulturomgrep; Det komplekse kulturomgrepet og det refleksive kulturomgrepet. Det komplekse kulturomgrepet vert utdjupa i kulturstudiar til å innehalda fire dimensjonar, der kultur er noko ein kan ha (snevre/estetiske), væra (breie/sosiologiske/konsensuelle), kunna (kognitive) og gjera (performative). Samansetninga av desse fire gjev det dialektisk samansette, heterogene, refleksive og relasjonelle kulturomgrepet (Sørensen et al. 2008).

*“The concept of culture does not represent an entity in an independent object world. It is best thought of as a mobile signifier that enables distinct ways of talking about human activity. (...) Culture can also be understood as overlapping maps of criss-crossing discursive meaning which form zones of temporary coherence and shared but always contested significance in a social space” (Barker 2012 s.499)*

I denne oppgåva har eg vald ein definisjon av kultur basert på det performative kulturomgrepet, då kulturorganisasjonane det er snakk om handterer utøvande arrangement som konsertar og kulturelle hendingar.

### **Kulturorganisasjon**

Ein organisasjon vert definert i samfunnsvitskapane som *“et kollektiv som er bygd opp for å fremme ett eller flere formål, eller sett av verdier.”* og vert i daglegtale ofte nytta som synonym for foreining (Berg 2014).

*”Begrepet organisasjon omfatter således både kollektiver som produksjonsbedrifter og forvaltningsenheter (organisasjoner med eiere og ansatte) og frivillige sammenslutninger eller foreninger (organisasjoner med eiere og medlemmer og der medlemmene gjerne er eiere, og ofte med en mindre gruppe ansatte, som gjerne kalles et sekretariat).” (ibid.)*

Ein kulturorganisasjon er utifrå desse definisjonane eit kollektiv, foreining eller lag som har som formål å formidle eller foredle kultur. I denne oppgåva vert omgrepet kulturorganisasjon nytta om alle foreiningar som anten arrangerar eller formidlar kultur, og på bakgrunn av at oppgåva handlar om frivilligheit vert det referert til dei kulturorganisasjonane som inneberer frivilligheit i ein eller annan kapasitet. Desse har i stor grad økonomisk støtte frå statleg eller regionalt hald, har stor grad av eigenstyring av program og budsjett, og rapporterar sjeldan eller aldri til ein overordna paraplyorganisasjon (Elstad & De Paoli 2014). Ein heilårleg kulturorganisasjon vert definert som ein organisasjon med kulturaktivitet som har aktivitet gjennom heile året i ein eller annan kapasitet, til forskjell frå ein organisasjon med konsentrert aktivitet som til dømes Festspillene i Bergen.

## 2.2 Frivillighet

I denne oppgåva er teori rundt frivillighet henta frå Per Selle (Selle & Øymyr 1995; Selle 1996; Heitmann & Selle 1999), Håkon Lorentzen sine arbeider (1994; 2004), Wollebæk, Selle og Lorentzen (2000), samt rapportar frå Senter for Forskning på Sivilsamfunn og Frivillig sektor.

Ein frivillig vert i omgrepsavklaringa definert som ein person som yter ei teneste utan betaling som løn. Frivillig innsats kan ha mange formål og vera motivert av mange forskjellige motiv hjå den enkelte, særleg dei som er engasjerte over lang tid. Innan kulturfeltet finn ein frivillige i alle aldrar, med ulike motivasjonar og bakgrunnar, og som er involverte i både kort og lang tid. Ein kulturorganisasjon si utfordring i rekrutteringa og handteringa av frivillige ligg i å kunna sjå kva som motiverar den frivillige til innsatsen (til dømes for det sosiale eller for gratis konsert), og setja den frivillige i ein situasjon eller i ei oppgåve som tilfredsstillar denne motivasjonen. Motivasjonen til den frivillige er også dynamisk i engasjementet og kan endra seg over tid, noko som igjen kan vera ei utfordring for kulturorganisasjonane.

Det følgjande sitatet er henta frå eit intervju med to frivillige innan jazzmusikken i Noreg som viser viktigheita av frivillige innan musikkarrangement, i denne samanhengen som frivillige på festivalar. Som det vert påpeikt, ville mange arrangement rett og slett ikkje vore mogleg utan ein form for frivillig involvering, særleg i gjennomføringa. Enkelte arrangement har utvikla seg til å involvera lønna stillingar på grunn av storleiken og omfanget det ligg i planlegginga. Denne profesjonaliseringa av arrangement kan likevel ikkje gjennomføre arrangementet utan involvering av frivillig innsats. Dette er noko som går igjen både i empirien og litteraturen i denne oppgåva.

*”Det er veldig viktig med frivillighet, sier Kamilla. Hvordan skulle man ellers fått arrangementer og festivaler som dette til å gå rundt? (...)Jeg tror ikke vi hadde hatt det tilbudet vi har hvis ikke festivaler var basert på frivillig arbeid. Samma om de går godt eller ikke. Bare tenk hvor mange årsverk som måtte til for å få Øya til å gå rundt? Da bør vi heller være glad for at vi har noen festivaler som faktisk gjør det godt – så får vi heller ta diskusjonen på hvem som fortjener finansiering på kommunalt og statlig nivå.” (Jazzinorge 2012)*

Roskilde Festival, anerkjent som den største musikkfestivalen i Norden, har 60 tilsette i festivalleinga. Desse 60 har omtrent 1000 frivillige tilknytt seg på heilårsbasis, og under sjølve gjennomføringa av festivalen er nærare 30 000 frivillige involvert i ein eller annan kapasitet. Dette betyr at berre 0,2% av dei involverte ved festivalen er tilsette i lønna stillingar hjå Roskilde Festival sjølv. Mange organisasjonar er deltakande på Roskilde Festival for motytingar, men dei fleste som arbeidar på festivalen er der i frivillig kapasitet. Til tross for at Roskilde Festival sine tilsette som jobbar gjennom året med tilrettelegging, planlegging kontraktar og arbeid i kulissane, seier festivalleiar Henrik Rasmussen at dei frivillige er sjølve kjerna i festivalen og at den dagen det frivillige engasjementet ikkje kjem med sin DNA og sin glød, fell festivalen frå kvarandre (Jensen 2014):

*”Skal festivalen fortsatt være i stand til at balancere mellem det velkendte og trygge, og det nye, anderledes i musikprogrammet, så skal den have input fra frivillige, hvis passion for musikken sikrer den livsnødvendige fornyelse”  
(Jensen 2014 s.130)*

Frivillighet kjem i mange former, med fleire motivasjonar og bakgrunnar for den frivillige innsatsen på ein og same tid. Dei komande underkapittela vil sjå på frivilligheita i utvikling og endring, noko som har vorte rapportert om sidan 90-talet av blandt andre Per Selle som er professor ved Universitetet i Bergen.

### **2.2.1 Det frivillige organisasjonssamfunnet før**

Frivillig arbeid har alltid stått sterkt i den norske tradisjonen. Dugnadsarbeid er så rotfesta i samfunnet at det ikkje vert stilt spørsmål om dets nytteverdi i samfunnet. Den tidlege frivilligheita kan seiast å ha sitt utspring frå *moralsk idealisme*, der handlingar bør springe ut frå motiv som er heva over dei egoistiske og sanseselege motiva. Denne frivillige innsatsen vert referert til som ideell frivillighet. Den andre formen for frivillighet kan kallast opplevingsbasert frivillighet, der ein deltek i lag og organisasjonar på grunnlag av eigeninteresser, som fritidsaktivitet eller for å realisera draumar og mål.

I 1941 registrerte nazistane det frivillige organisasjonssamfunnet i Noreg, då den politiske ideologien til Nasjonal Samling såg på desse organisasjonane som byggeklossane i ein ny statsstruktur – den korporative staten (Selle & Øymyr 1995). Denne undersøkinga av dei frivillige organisasjonane i Noreg vart gjennomført for å skaffe ei oversikt over kva som fantes av frivillige organisasjonar, og vart hovudsakleg gjort på initiativ frå Innanriksdepartementet sjølv på norsk side. Tyskarane fekk først høyre om dette seinare. Undersøkinga føregjekk ganske kaotisk og raskt, og hadde openbare manglar og feil ved gjennomføringa. Til tross for dette kan ein seie at registreringa av landkommunane frå Hordaland er god og utan større manglar, og vert derfor nytta som representasjon for korleis det mest sannsynleg var over resten av landet. Frå Hordaland vart det samla inn solid informasjon frå lensmennene og fylldige lister frå organisasjonane sjølve. Det er derimot noko mangelfull informasjon om medlemstal hjå enkelte organisasjonar, samt informasjon om kjønnsamansetnaden i styra.

I undersøkinga ser ein store variasjonar på medlemstal og tal på innbyggjarar per organisasjon (tabell 2.1), noko som også kan forklarast av den til dels mangelfulle innsamlinga som vart gjort fleire plassar. Selle og Øymyr (1995) viser til at det er i kategorien kultur og fritid at ein har sett størst vekst og endring i etterkrigstida, då ein på 1940-talet kun hadde slike organisasjonar rundt storbyane og at dei stod for under 10 prosent (under 1 prosent i Hordaland) av det frivillige organisasjonssamfunnet.

Tabell 2.1 Medlem- og innbyggjaroversikt for primærorganisasjonar 1940-talet (Selle & Øymyr 1995 s.112)

	Medlemmer totalt	Folketal 1946	Primær-organisasjonar	Innbyggjarar pr. organisasjon	Medlemskap pr. innbyggjar	Medlemmar pr. organisasjon
<b>Drammen</b>	41 918	40 428	592	68,3	1,04	70,8
<b>Buskerud</b>	71 101	113 131	1574	71,9	0,63	45,2
<b>Bergen</b>	123 828	145 384	1312	110,8	0,85	130,5
<b>Finnmark</b>	20 354	46 634	441	105,7	0,44	46,2

## 2.2.2 Frivillighet i endring

Heitmann og Selle (1999 s.78-81) viser til korleis organisasjonssamfunnet endra seg frå den tradisjonalistiske til meir moderne organisering frå 1960-talet. Det tradisjonelle organisasjonssamfunnet kan historisk framstillast slik:

- Medlemsbaserte og demokratisk oppbygde organisasjonar
- Hierarkisk organisasjonsmodell (ikkje eit todelt system)
- Utspring frå sosiale masserørsler
- Brei sosial rekruttering
- Pragmatisme og konsensusorientering
- Nær kontakt med og integrert samarbeid med det offentlege
- Ikkje-offentlege inngrep i interne organisasjonsforhold
- Avstand til markedet

Det kvalitativt nye innan organisasjonssamfunnet frå 1960-talet kan karakteriserast slik:

- Det er ein enorm vekst i fritidsrelaterte organisasjonar
- Det er eit tettare og meir differensiert organisasjonssamfunn
- Idérørslene utgjer ein stadig mindre del av organisasjonssamfunnet
- Kvinner og born vert "integrert" i organisasjonssamfunnet (og dermed i samfunnet)
- Organisasjonssamfunnet vert i aukande grad fråkopa sosiale masserørsler
- Det er tre tendensar til aukande spesialisering: sentralisering, profesjonalisering og eigenorganisering

På 1980-talet vaks det fram nok ei endring i organisasjonssamfunnet. Desse endringane vart spådd å bety eit brot med det typiske ved norsk frivillighet på 1900-talet. Denne endringa var: (Heitmann & Selle 1999 s.82)

- Eit mindre medlemsbasert og demokratisk bygd organisasjonssamfunn
- Eit gradvis angrep på organisasjonssyndromet
- Vekst i uformelle og lokalbaserte nettverk

- Eit meir todelt organisasjonssamfunn
- Eit stadig mindre idébasert og politisert organisasjonssamfunn
- Auka politisk innverknad utan organisasjonstyngde
- Vekst i "halvoffentlege" (eller "halvfrivillige") organisasjonar og institusjonar
- Vekst i frivillig arbeid på utsida av organisasjonssamfunnet
- Framvekst av ein ny type kontraktskultur i forholdet offentleg-frivillig
- Auka kontakt med og ideologisk innverknad frå markedet

Kulturpolitikken har også spelt ei rolle på kulturen og det frivillige organisasjonssamfunnet. På 1970-talet såg ein ei endring frå den gamle sentraliseringsmodellen til ein utprøving av ein ny planleggingsmodell. Auka lokal fordelingsrett var eitt av stikkorda som vann fram på dette relativt nye området, saman med moteordet *demokratisering*. Politikken skifta også omgrepet *kultur* si meining, frå formidling av den tradisjonelle "finkulturen" til å vera noko alle hadde og som ein fann overalt. Kultur hadde vorte lokalt og knytt til levemåte, og ikkje lenger knytt til ei særleg form for mottaking. Dette brotet med det klassiske humanistiske og hierarkiske kulturomgrepet tek eit sterkt standpunkt mot dei klassiske elitistane med sin finkultur og sosialdemokratane med si demokratisering av finkulturen. Dette meir antropologiske kulturomgrepet viser til ein kultur i endring, og ingen kultur kan seie å være meir verdt enn annan kultur. Kultur er no noko alle har tilgang på og som alle kan bidra med. Dette førte i stor grad til at kvalitetsomgrepet vart vekke frå diskursen og det kan diskuteras om denne vendinga førte til meir likskap eller om eit slikt omgrep utan reell konflikt berre tilslører meir enn det frigjer kulturen (Selle 1996).

I 1985 sette Finansdepartementet ned eit utval om frivillige organisasjonar, der representantar frå det offentlege og frå ei rekkje av dei landsomfattande organisasjonane var med. For å få eit breiare bakgrunnsmateriale om lokalt organisasjonsliv vart det gjennomført ei ny registrering av frivillige organisasjonar i Finnmark og Buskerud. Samtidig utførde Selle og Øymyr ei undersøking av Hordaland for å kunne trekke parallellar og samanlikna utviklinga på fleire områder. Det er dei lokale kulturadministrasjonane i fylka som har stått for mesteparten av sjølv registreringsarbeidet, på oppmoding frå det statlege utvalet og kulturutvala. Det er også her openbare manglar ved innsamlinga då kulturavdelingane ikkje alltid var like godt utbygde. Til dømes hadde ein så stor kommune som Drammen ikkje oppretta eit eige

hovudutval for kultur, og det var ungdomskontoret i Drammen som gjennomførte registreringa. Fleire kommunar sa ifrå at dei ikkje hadde kapasitet og ressursar til å systematisk gå gjennom og leita etter lag dei ikkje alt kjende til (Selle & Øymyr 1995).

Tabell 2.2 Medlem- og innbyggjaroversikt for primærorganisasjonar 1980-talet (Selle & Øymyr 1995 s.149)

	Medlemmer totalt	Folketal 1987	Primær-organisasjonar	Innbyggjarar pr. organisasjon	Medlemskap pr. innbyggjar	Medlemmer pr. organisasjon
<b>Buskerud</b>	253 591	171 423	2854	60,1	1,48	88,9
<b>Hordaland</b>	368 350	195 232	5705	34,2	1,89	64,6
<b>Finnmark</b>	136 567	74 073	1873	39,6	1,84	72,9

I tabell 2.2 er Drammen og Bergen haldne utanfor på grunn av store ulikheitlar og manglar mellom dei to registreringane. Som ein ser av utviklinga frå tabell 2.1 til tabell 2.2 er medlemskap per innbyggjar gått opp, talet på primærorganisasjonar har gått opp og som følge har talet på innbyggjarar per organisasjon gått ned i alle tre fylka. Hovudtrekka frå undersøkinga viser at organisasjonssamfunnet veks fram som heilhet, samstundes som det har vorte mindre geografiske skilnadar i organisasjonstilbodet mellom fylka og mellom kommunar av ulik storleik.

Kultur- og fritidslaga har i etterkrigstida vakse frå å væra nesten usynlege til å verta ein av dei store lagstypene. I Finnmark og Buskerud er desse organisasjonane meir enn 20% og i Hordaland utgjør dei vel 16% (opp frå høvesvis 10% og 1%). I kultur- og fritidslaga er det ikkje vanleg med reine kvinnelag, barne- og ungdomslag eller kristelege lag. Det er eit viktig strukturelt trekk ved denne lagstypen som viser kva slags organisasjonssamfunn som veks fram i etterkrigstida (ibid.)



Tabell 2.3 Medlemskap per innbyggjar i 1957 og 1986 (Selle & Øymyr 1995 s.180)

	1957	1986
<b>Austlandet</b>	0,65	1,18
<b>Sørlandet</b>	0,87	1,13
<b>Vestlandet</b>	0,65	1,07
<b>Trøndelag</b>	0,76	1,29
<b>Nord-Noreg</b>	0,66	0,76

Som ein kan sjå frå tabell 2.3 er det frivillige organisasjonssamfunnet i endring frå 50-talet til 80-talet når det kjem til tal på medlemskap per innbyggjar. Organisasjonane har dessutan hatt ei utskifting på fleire områder, særleg mot ei meir moderne organisasjonsform enn tidlegare. I 1988 i Hordaland er 650 av dei tidlegare organisasjonane falne vekk, og heile 858 nye er komne til. Den største positive utviklinga ser ein på kultur og fritidsorganisasjonane, der skilnaden mellom tal på falne og tilkomne organisasjonar er stor. Heile 43,6% av organisasjonane i 1988 var komne til etter 1980, og berre 11,9% fell vekk. Endringar i styrkeforholdet mellom ulike typar lag og organisasjonar seier oss noko om korleis retning organisasjonssamfunnet (og samfunnet elles) endrar seg i (ibid.).

Det er fire hovudendringar i det frivillige organisasjonssamfunnet Selle og Øymyr (1995) peikar på i si analyse på 90-talet; Auka spesialisering, sentralisering av organisasjonar som i dei fleste tilfeller aukar i storleik, høgare grad av eigenorganisering, samt meir profesjonalisering av organisasjonane både på organisering/struktur og aktivitet. Dei peikar på den aukande veksta av kultur- og fritidslag som mest framtrekkande, og forklarar denne auka med endringar i samfunnet elles (t.d. får musikk ei sterkare stilling og ekstrem merksemd frå 50- og 60-talet), samtidig som at desse organisasjonane i stor grad vert spesialiserte ved å skilja seg ut frå dei religiøse og politiske laga til å verta sjølvstendige lag. Dette hevdar Selle og Øymyr forklarar i stor grad den eksplosive veksta ein ser rundt frivillige kulturorganisasjonar. Organisasjonsutviklinga elles er også markant, meir fritid synest å minska det offentlege ansvaret hos borgarane og fremja privatisering og konsumenthaldningar. Utviklinga peikar i retning av at den "materialistiske" fritidsbruken aukar og den opplevingsbaserte frivilligheita med den.

*”Medan den hierarkiske og paternalistiske kulturen har tapt terreng, er det ikkje den egalitære, men den individualistiske og marknadsorienterte kulturen som først og fremst har vorte styrkt” (Selle & Øymyr 1995 s.272)*

Frivilligheit har vorte gjenstand for ein tydelegare politikk frå myndigheita også dei siste 20 åra. Frivillig sektor er omtalt i eit eige avsnitt i Soria Moria-erklæringa, Kulturdepartementet har no ansvaret for å koordinera frivilligheitspolitikken, og det har vorte oppretta ei egen avdeling for frivilligheit og samfunn i departementet. Det har dessutan vorte vedtatt ei lov om opprettinga av eit register for frivillige organisasjonar i Brønnøysund. Dette skal gjera det enklare å målretta politikken på dette feltet, ved sida av at informasjonen også vil verta nytta til forskning. Blant tiltaka i frivilligheitsmeldinga er eit eige forskingsprogram for frivillig sektor, nordisk forskingssamarbeid og opprettinga av eit nasjonalrekneskap for frivillig sektor (Sivesind 2007).

I 2004 såg Sivesind (2007) på korleis den norske frivilligheita hadde utvikla seg frå den førre kartlegginga i 1997. Som den norske delen av *”Johns Hopkins Comparative Nonprofit Sector Project”* viser Sivesind til at den frivillige sektoren i Noreg framstår i hovudtrekk som vital og framgangsrik, men endrar seg i struktur og innhald. Andre rapportar viser ei utvikling i motivasjon og bakgrunn for den frivillige innsatsen, og korleis frivillig arbeid i større grad handlar om å oppnå eigne mål og behov for fleire formål enn å dedisera seg til ein ideell organisasjon over lengre tid. Senter for Forskning på Sivilsamfunn og Frivillig sektor konkluderar i fleire rapportar at ein dei siste 20 - 25 åra har sett eit skifte frå ideell innsats til sjølvrealiserande innsats (Aars et al. 2011; Folkestad et al. 2015). Dette utelukkar ikkje at den frivillige innsatsen kan være både ideell og sjølvrealiserande på ein gong, ettersom eit individ kan ha fleire motivasjonar samtidig og motivasjonen kan endra seg undervegs i engasjementet.

Rapporten frå Aars et al. (2011) viser at haldningane til frivillig arbeid over tid heng saman med generasjonsskiftet som har vore i samfunnet. Dette kan indikera at endringa i haldning vil tilta i styrke og signifikans over tid, og derfor vil påverka både organisasjonssamfunnet og samfunnet rundt i framtida. Denne rapporten ser på unge frivillige sitt engasjement i Noreg frå 1998-2009, og korleis denne er i stadig utvikling.

### 2.2.3 Det sjølvrealiserande frivillige organisasjonssamfunnet no

Satellittregnskap for Ideelle og Frivillige Organisasjoner frå 2015 viser at nordmenn bidreg med nesten 148 000 ulønna årsverk på landsbasis (figur 1.1). Dette har ein estimert verdi for samfunnet på 73,5 milliardar kroner, og tala viser at både produksjonsverdia, bruttoproduktet og tal på lønna arbeidsplassar innan frivillig arbeid aukar dei siste åra (Statistisk Sentralbyrå 2017).

*”Regner man med verdien av frivillig arbeid, var de ideelle og frivillige organisasjonenes bruttoprodukt beregnet til om lag 130 milliarder i 2015, ifølge satellittregnskap for ideelle og frivillige organisasjoner. Dette tilsvarer 4,1 prosent av bruttonasjonalproduktet (BNP). Av dette sto ulønnet innsats for om lag 74 milliarder. (...)Omfanget av den frivillige innsatsen varierer kraftig mellom organisasjonene i de ulike kategoriene. Området med desidert mest dugnadsinnsats er kultur og fritid inkl. idrett. Dette området står for nær halvparten av de frivillige årsverkene totalt. Det frivillige arbeidet verdsettes med et anslag på hva det ville ha kostet å erstatte de ulønna timeverkene med lønnet arbeidskraft.” (ibid.)*

Frivillig arbeid står framleis sterkt i samfunnet, og er meir lønsam enn tidlegare. Folkestad et al. (2015) viser til tal frå 2015 der 61% av befolkninga har gjort frivillig innsats for ein frivillig organisasjon i løpet av dei siste 12 månadene. Så kva skil dagens frivillige arbeid frå den frivillige innsatsen i organisasjonssamfunnet tidlegare?

Ein kan seie at frivillig arbeid har gjennomgått ein endring i motivasjon og struktur, men at me som samfunn også bidreg med enno meir frivilligheit enn tidlegare. Samanlikna med andre land i Norden, er Noreg høgare på listene over tal på timar frivillig engasjement, tal på organisasjonar ein utfører frivillig arbeid for, samt i verdiskapinga i samfunnet som følge av den frivillige innsatsen (Statistisk Sentralbyrå 2017; Wollebæk et al. 2015).

I 2010 publiserte Senter for Forskning på Sivilsamfunn og Frivillig sektor ein rapport som såg på unge personar i vestlege kulturar sine haldningar, trendar og motivasjonar rundt frivillig arbeid og samfunnsmessigt engasjement. Denne rapporten viser at unge personar finn nye måtar å engasjere seg på enn tidlegare, særleg i politisk og samfunnsmessigt engasjement.

Statistikken viser til eit interessant paradoks; i dei klassiske, tradisjonelle formane er dei unge sitt engasjement på veg ned, medan interessa for politikk og samfunn ikkje er på veg ned. Det handlar rett og slett om å uttrykka seg på nye måtar og i nye former. Rapporten frå Lochocki (2010) konkluderar også med at unge har ei utvikling i haldning til og motivasjon for frivillig arbeid, særleg rundt mengda kortvarig frivillig innsats og den bakomliggende motivasjonen:

*”Contemporary young people’s civic involvement seems to diverge significantly from «classic» forms such as organizing in groups, forming interest groups, becoming involved in a political party, etc. (...)In contrast to «regular» and «classic» forms of engagement, this new form has a different time-dimension and cause-dimension; it is rather short-sighted and thus devoted to a specifically defined goal. Further, it is project-targeted, not oriented towards a broad agenda defined by an organization or by an all-embracing cause” (Lochocki 2010 s.49)*

Til tross for ein meir sjølvrealiserande frivillig innsats per i dag, lev den ideelle frivilligheita i beste velgåande i samfunnet innan hjelpeorganisasjonane. Røde Kors er den hjelpeorganisasjonen med flest frivillige aktivitetar nasjonalt, med 380 lokalforeiningar over heile landet. Nokon av aktivitetane dei tilbyr for frivillige er: (Røde Kors 2017)

- Flyktningsguide
- Hjelpekorps
- Ferie for alle
- Besøksvenn
- Norsktrening
- Aktiviteter på asylmottak
- Leksehjelp
- Beredskapsvakt
- Blodgiver
- Barnas Røde Kors
- Vitnestøtte
- Sosial kontakt og nettverksarbeid
- Kors på halsen. Et samtaletilbud for barn og unge
- Røde Kors Ungdom
- RØFF - Røde Kors Friluftsliv og Førstehjelp

Norsk Folkehjelp er også ein hjelpeorganisasjon med mange frivillige på landsbasis, der redningsmannskapet bistår med hjelp i ulike nødsituasjonar gjennom heile året. Dei har over

60 redningsgrupper og 2000 operative mannskaper som deltek årlig i over 300 aksjonar. Norsk Folkehjelp sine frivillige er i beredskap heile døgnet heile året i tilfelle noko skulle skje. For å verta godkjent redningsmannskap hjå Norsk Folkehjelp må ein gjennomføra søk- og redningskurs på 30 timar, samt grunnleggjande førstehjelpskurs på 30 timar. Dette er heilt klart ein ideell frivillig innsats som både gjev meining og sjølvrealisering for den frivillige, med god opplæring og fokus på kvalitet i arbeidet (Kroksæter 2017).

I tillegg til hjelpeorganisasjonar som har fokus på nødssituasjonar og beredskap, finn ein organisasjonar som har fokus på organisering og aktivisering i nærmiljøet. Der er Frivilligsentralen ei viktig brikke lokalt både mot integrering og formidling av tenester og tilbod. Norges Frivilligsentraler har utvikla retningslinjer for forståinga for viktigheita av frivilligheita som ein fri og uavhengig sektor, som skal utviklast av og på dei frivillige sine premisser (Norges Frivilligsentraler 2016).

Den ideelle frivilligheita har i større grad enn den opplevingsbaserte frivilligheita vore motivert av eit altruistisk ynskje om å hjelpa andre, derav namnet ideell. Dette utelukkar ikkje nødvendigvis at den ideelle frivilligheita også er motivert av personlege mål og behov, men desse kjem i andre rekke.

#### **2.2.4 Frivillighet utanfor organisasjonane**

Den mest vanlege forma for frivillighet utanfor organisasjonssamfunnet, har vore den tradisjonsrike dugnaden. Dette kan førekoma både i meir og mindre organiserte former, alt frå ryddearbeid i eit burettslag til strand- og skogrydding i lokalsamfunn. Når ein snakkar om frivillig arbeid utanfor organisasjonane, kan ein definera dette som; "arbeid og slik innsats som vert utført på frivillig grunnlag, ulønna (eller mot eit symbolsk vederlag), og på fritida" (Svedberg, von Essen & Jegermalm 2010 s.13). Slik innsats kan vere som nemnd i 2.2.1 ein utfordrings- og opplevingsbasert frivillighet som til dømes vidareutdanning, kursholding, rørsler og lag utanfor organisasjonssamfunnet, eller ein meir moralsk idealistisk innsats som til dømes tidsavgrensa redningsarbeid eller hjelpeinnsats. Forsking på frivillig innsats over tid

viser til at Noreg og Sverige er i verdstoppen når det gjeld frivillig innsats per innbyggjar, og at engasjementet ikkje visar nedgåande tendensar:

*”Att ungefär hälften av den vuxna befolkningen arbetar ideellt gör de svenska medborgarna exceptionellt aktiva i ett internationellt perspektiv. Bara i USA, Norge och Holland kan man finna liknande nivåer. Talet om ett minskat engagemang i ideellt arbete (och därmed en snabb erosion av det sociala kapitalet) har inte något generellt empiriskt stöd” (Svedberg, von Essen & Jegermalm 2010)*

Wollebæk og Sivesind (2010) sin rapport viser likevel ein nedgang i frivillig innsats frå 58 prosent i 2004 til 48 prosent i 2009 i Noreg, men denne utviklinga er ingen grunn til uro og kan forklarast. Tilbakegangen skjer hovudsakleg innan politisk orientert og religiøst arbeid. Samtidig held desse aktivitetane i ein viss grad stand på grunn av aukande grad av minoritetsdeltaking. Aktivitetar knytt til nærmiljø og velferd er veksande. Dette vidareføra ein tendens til avpolitisering og avideologisering av det frivillige engasjementet som har føregått sidan 1960-årene. Den nordiske frivilligheitsmodellen har vore prega av høg andel organisasjonsmedlemskap blant frivillige, men no er frivillig deltaking i aukande grad lausrevet frå organisasjonsmedlemskap, både innan kulturaktiviteter og velferdssektoren. Denne typen frivillig deltaking er mindre forpliktande og tidkrevjande enn medlemsbasert frivilligheit (Wollebæk og Sivesind intervju i Klaveness 2010).

*”Den høye andelen av frivillig deltakelse i rekordåret 2004 skyldtes et blaff av korttidsfrivillighet 1997-2004, som nå har normalisert seg. Men frivillighetens kjernetrapper krymper også. Det er færre som gjør omfattende frivillig arbeid i dag enn for fem og 12 år siden.”*  
(Klaveness 2010)

Som Lochocki (2010) nemner i sin rapport, er dei unge sin involvering og engasjement i samfunnet i endring når det kjem til plattformer og metodar. Det moderne samfunnet har også tilført nye mogleikar og utfordringar for det frivillige engasjementet. Med digitale plattformer og nye kommunikasjonsverktøy er det mogleg at den frivillige innsatsen kan utvikle seg både til andre medium og i andre former enn tidligare:

*”Virtuell frivillighet innebærer frivillig arbeid for sosiale nettsamfunn som moderering av diskusjonsgrupper, veiledning av nye medlemmer og lignende. Blant ungdom, og særlig unge menn, er dette en av de viktigste arenaene. Sju prosent av dem mellom 16 og 24 år har gjort slikt arbeid”  
(Klaveness 2010)*

Slik utvikling gjer også undersøking av frivillig arbeid meir utfordrande enn tidlegare, ettersom frivillig arbeid som engasjement er i utvikling og definerast på nye måtar. Dette gjer det også interessant for organisasjonssamfunnet framover, då utviklinga kan trekkast fram som inspirasjon til nytenking.

*”Ikke minst, det jeg synes er veldig fasinende er å se på at folk endrer oppfatning av hva det vil si å være frivillig. Jeg husker jeg leste et stykke om disse korttidsengasjementene, og hvordan folk fokuserer eller tenker at et ”liker-klikk” på Facebook eller deling av en side er en del av et korttidsengasjement. Som jeg synes hører helt vanvittig ut. At folk kan bemerke seg selv eller få et lite stikk av at: ”Nå var jeg frivillig”, det er helt forkastelig. (...)Hva skjer med langtidsengasjementene da, dersom det skal så lite til for at folk skal få et stikk av goder i kroppen?” (Respondent 3)*

## **2.3 Motivasjonslære**

Motivasjon som teori er eit breitt felt som hovudsakleg vert omdiskutert i psykologien og i pedagogikken, kvar med sine teoriar, bakgrunnar og utgangspunkt. Motivasjonsomgrepet kan definerast som ”prosessen som gir energi og retning til åtferd” (Deci & Ryan 2002). Motivasjon har også vorte forklart gjennom omgrep som indre krefter, vedvarande trekk, respons og stimuli, samt kognisjon og affekt. Innan pedagogikken definerer ein motivasjonslære under fire hovudområdar; Behavioristisk, kognitivistisk, humanistisk og sosiokulturell. I denne oppgåva vert sosiokulturell teori nærast det teorigrunnlaget som vert nytta. På grunn av at pedagogikken hovudsakleg trekk motivasjon opp mot læring, vil eg i dei komande underkapitla leggja fram fleire teoriar om motivasjon og om måling av motivasjon hjå frivillige, samt korleis leiing som motivasjon kan nyttast i arbeidet med heilårlege frivillige.

## Sosiokulturell

Sosiokulturell teori viser til mennesket som sosiale vesen, og at læringa vert forma av kulturen og samfunnet som personen lev og vert oppseda i. Det anerkjente opphavet til sosial læringsteori er Albert Bandura og hans arbeidspartnarar. Denne læringsteorien vert kalla modell-læring då læring skjer gjennom observasjon av åtferd og konsekvensar av denne. Til tross for at sosial læringsteori vektlegg åtferd og straff/forsterking som følgje av åtferd, viser Bandura til at eit individ til ein kvar tid kan sitja på mykje meir kunnskap enn kva som vert vist gjennom åtferd. Dette trekk parallellar til kognitivistisk teori og kritiserar behavioristisk teori som simplistisk og lite nyansert (Skaalvik & Skaalvik 2009). Bandura hevdar også at mennesket nyttar ein mikroanalytisk undersøkingsstrategi. Denne strategien går ut på at detaljerte mål vert vurdert og ein avgjernad teken før ein tilkjennegr ein åtferd i ein situasjon. Dette inneberer at elevar vurderar skulesituasjonen før dei avgjer korleis åtferd dei skal framvisa (Pervin & John 1997). Som ein konsekvens av å kombinera behavioristiske og kognitive perspektiv i samanheng, vert teorien også omtala som sosial-kognitiv teori.

Den russiske psykologen Leo Vygotsky står også sterkt med sin sosiale konstruktivisme. For at læring skal skje, meiner Vygotsky at den må skje i elevens næraste utviklingssone eller den proksimale utviklingssonen. Denne ligg mellom elevens aktuelle utviklingsnivå, det eleven kan utføra aleine, og det potensielle utviklingsnivået, det eleven har mogleik for å klara med hjelp frå andre. Istadenfor observasjon av ein modell, vert lærermeistaren trekt inn som ein "signifikant annan" som byggjer stilas slik at kunnskapen kan auka og forståast i samanhengen (Skaalvik & Skaalvik 2009).

Overført til motivasjon, definerar ein motivasjon som ynskje om personleg utvikling satt i kulturell kontekst. Dersom ein er vand med stor konkurranse og vektlegging av den sterkaste sin rett, vert ein konkurranseprega og motivert av personleg gevinst. Dersom samhald står sterkast, vert ein motivert av kollektiv gevinst. Ein slik teori om motivasjon er viktig å sjå i samanheng med andre læringsteoriar, som til dømes kombinasjonen av ein behavioristisk teori med sosiokulturell.



## 2.4 Sjølvstyreteorien

Self-Determination Theory (heretter kalla sjølvstyreteorien) er ein teori om motivasjon utvikla av Deci og Ryan på 1970-talet. Dei hevdar at motivasjon kan delast opp i to kategoriar: Autonom og kontrollert motivasjon. Autonom motivasjon kjem gjennom sjølvstyre og eit personleg ynskje om å utføre oppgåva. Kontrollert motivasjon kjem gjennom forpliktingar og ei føling av å verta kontrollert. Sjølvstyreteorien hevdar at det er den autonome motivasjonen som gjev dei beste resultatata ved at den indrestyrte motivasjon fører til forståing av oppgåva og ikkje berre mekanisk læring og fokus på belønninga i andre enden. Sjølvstyreteorien har sosial konstruktivistisk bakgrunn for sin teori (Deci 1971; Deci & Flaste 1996; Deci & Ryan 1985; Deci & Ryan 2000; Gagné & Deci 2005).

For å oppnå optimal motivasjon, argumenterar Deci og Ryan (1985) for at desse tre psykologiske behova må vera sterke; opplevd kompetanse i arbeidet, sjølvstyre over innsats og relasjonar til andre menneskje. Dei med indre motivasjon presterar ikkje berre betre enn ytre motiverte personar over tid, dei har det også vesentlig betre med seg sjølv. Den naturlige lærdommen av dette er at ein som leiar ikkje bør fokusere på å motivere menneskjer, ein bør heller prioritere å leggja mest mogleg til rette for at dei skal motivera seg sjølv. Oppgåva skal vera utforma på ein måte som gjev mest mogleg fridom i framgangsmåten. I tillegg bør oppgåva vera passe utfordrande, og personen må oppleva at ein bidreg til eit større fellesskap (Deci & Ryan 1985; 2000; 2002).

Tidlegare fokuserte psykologar, økonomar, lærarar og andre fagområder på motivasjon som eit uniformt konsept: ein kan ha meir eller mindre av det, og motivasjonen kan aukast for den gitte oppgåva med insentiv (lovnad om straff eller belønning). Med forskinga rundt sjølvstyreteorien skifta fokuset frå kvantitativ åtferd ut ifrå mengde motivasjon, til kvalitativ åtferd ut frå type motivasjon.

Deci og Ryan hevdar at sjølvstyreteorien er universal og dermed gjeld alle menneske uavhengig av kjønn, kulturell bakgrunn eller sosiale ulikheitar, anten dei er kollektivistiske eller individualistiske, mann eller kvinne. Kritikken av sjølvstyreteorien har gått på om teorien kan hevde denne universaliteten, og at teorien ikkje er signifikant for ikkje-vestlege kulturar

(Markus, Kitayama, & Heiman 1996). Deci og Ryan (2002) har tilbakevist desse påstandane med å hevda at også ikkje-vestlege kulturar må seiast å verta demotiverte av opplevd tvang og motiverte av opplevd støtte då desse tilsynelatande er menneskelege eigenskapar og ikkje kulturelt betinga.

Den individuelle frivillige vil ifølge sjølvstyreteorien verta best motivert av opplevd autonomi i arbeidet, der arbeidsoppgåva tilfredsstillar behov og mål med oppgåva og der det vert tilrettelagt på arbeidsplassen for relasjonsbygging og kompetanseutfolding. Motivasjon kan som påpeikt i kapittel 2.3 koma frå forskjellige hold og motiverast på ulike måtar. Det er vanleg at frivillige vert motivert av fleire faktorar på ein gong (Clary & Snyder 1999) og at motivet for den frivillige innsatsen kan endra seg (Wollebæk et al. 2015).

### 2.4.1 Organismisk integrasjonsteori

Ekstern motivasjon kan også graderast frå minst til mest relativ autonomitet. For å forklara dette utvikla Deci & Ryan (1985; 1995) ein underteori til sjølvstyreteorien kalla Organismisk Integrasjonsteori (OIT) der dei graderar den kontrollerte motivasjonen for å visa at også denne har ulik påverknad på åtferda. I OIT finn ein 4 typar ekstern motivasjon:

- **Eksternt regulert åtferd:** åtferd som kjem av total ekstern motivasjon som straff eller belønning (minst autonom, mest kontrollert)
- **Introjekt regulering av åtferd:** åtferd som vert utført av eigen interesse, men der reguleringa ikkje vert sett på som eigen. Kausaliteten<sup>4</sup> er ekstern (meir autonom, mindre kontrollert)
- **Identifisert regulering av åtferd:** åtferd som vert utført som ein følgje av å sjå eit formål med aktiviteten. Verdien vert bevisst vurdert som personleg viktig. (enno meir autonom, enno mindre kontrollert)
- **Integrert regulering av åtferd:** åtferd som ein kan identifisera seg med, dekkar personlege behov. Framleis ekstern kausalitet (mest autonom, minst kontrollert)

---

<sup>4</sup> Årsakssamanheng, forholdet mellom årsak og verknad

I tillegg til desse fire, definerar Gagné og Deci (2005) ein 5 faktor; Amotivert åtfærd. Dette er åtfærd som kjem av total mangel på motivasjon, til dømes å måtta gje frå seg pengane sine i eit ran. Desse eksterne motivasjonane tydar på at også motivasjon må seiast å ligga meir på ein skala enn å væra ein fullstendig dikotomi, sjølv om ein skil mellom intern eller ekstern kausalitet.

OIT kan nyttast til å integrera betre metodar for leiing også i arbeid der det ikkje kan settast fokus på total autonom motivasjon. Til dømes kan festivalar der kontrollert motivasjon vert nytta som ein del av det kortvarige engasjementet, framleis nytta både introjekt og identifisert regulering av åtfærd for at sine frivillige skal sjå eit formål med innsatsen og føla at det er av ein personleg interesse at oppgåva vert utført.

Utfordringa med frivillig arbeid er at det ikkje er ein tradisjonell arbeidskraft, og ofte kan oppgåva opplevast som meiningslaus og for enkel (jamfør viktigheita av kompetanse i arbeidet). Nettopp derfor fokuserar også mange kulturorganisasjonar på det sosiale og relasjonar for å skapa og halda på motivasjonen til den frivillige.

## 2.5 Volunteer Functions Inventory

I sin artikkel om frivillige og i forsøket på å forstå kvifor folk gjev av sin tid utan løn, forska Clary et al. (1998) på frivillige sitt engasjement og kva som motiverte dei til å arbeida som frivillig. Ved å nytta funksjonalisme<sup>5</sup> på spørsmål om den underliggande motivasjonen for den frivillige innsatsen, utvikla dei eit verktøy kalla Volunteer Functions Inventory (VFI). Denne definerar 6 kategoriske funksjonar som viser underliggande motivasjon til frivillig engasjement.

---

<sup>5</sup> Funksjonalisme er ein teori om mentale tilstandar og korleis desse vert definert av kva dei gjer framfor kva dei vert laga av. Funksjonalismeteorien står i kontrast til identitetsteori og behaviorisme (Polger 2017).

Utifrå resultatata konkluderar dei med 4 påstandar om frivillig arbeid: (ibid.)

- Personar handlar med meining, planlegger, er målretta og løysingsorienterte – frivillige er med på frivillig arbeid for å tilfredsstilla personleg fokuserte og viktige ”egoistiske” mål.
- Folk kan ta val av ulike grunnar – frivillige som utfører same frivillige aktiviteten for den same organisasjonen kan ha svært ulike motiv for frivilligheita.
- Eit individ kan være motivert av fleire behov eller mål – ein frivillig kan tilfredsstilla to eller fleire motiv med ein og same aktivitet.
- Resultat kjem som ein følge av å utnytte omstendighetane og situasjonen til å nå mål og behov – vellukka frivillig rekruttering, tilfredsstilling og evna til å halde på dei frivillige heng saman med evna til å dekke desse behova og måla.

*”Theoretically, the functional approach from psychology maintains that recruiting volunteers and engaging them over extended periods of time depends on matching the motivational concerns of individuals with situations that can satisfy those concerns” (Clary et al. 1998).*

Clary og Snyder (1999) skriv vidare om sine erfaringar og funn rundt frivilligheit og grunnar til at personar nyttar sin fritid til frivillige aktivitetar. Med VFI kunne dei ved å sjå etter markørar i spørjeskjemaet av dei frivillige, kategorisera kva som motiverar den frivillige til innsatsen. Også i denne artikkelen konkluderar dei med at frivillige har ulike og fleire motivasjonar, og at desse kan endra seg undervegs i engasjementet:

*”Different volunteers pursue different goals, and the same volunteer may be pursuing more than one goal. Indeed, roughly two thirds of respondents indicate having two or more important motivations.”*  
(Clary & Snyder 1999 s.157)

Tabell 2.4 Dei seks kategoriske funksjonane i VFI (ibid. s.157)

Function	Conceptual definition	Sample VFI item
Values	The individual volunteers in order to express or act on important values like humanitarianism.	<i>"I feel it is important to help others."</i>
Understanding	The volunteer is seeking to learn more about the world or exercise skills that are often unused.	<i>"Volunteering lets me learn through direct, hands-on experience."</i>
Enhancement	One can grow and develop psychologically through volunteer activities.	<i>"Volunteering makes me feel better about myself."</i>
Career	The volunteer has the goal of gaining career-related experience through volunteering.	<i>"Volunteering can help me to get my foot in the door at a place where I would like to work."</i>
Social	Volunteering allows an individual to strengthen his or her social relationships.	<i>"People I know share an interest in community service."</i>
Protective	The individual uses volunteering to reduce negative feelings, such as guilt, or to address personal problems.	<i>"Volunteering is a good escape from my own troubles."</i>

I tabell 2.4 viser Clary & Snyder (1999) dei seks markørane som kjem av å nytta VFI i spørjeundersøkingar, og korleis svara kan kategoriserast. Desse markørane kan hjelpa i arbeidet med å forstå kva som motiverar den enkelte, samt visa til kva handling som er best egna i leiinga av den frivillige.

## 2.6 Motivasjonsteoriar nytta i oppgåva

Med bakgrunn i all motivasjonsteori og motivasjonslære som vert presentert i kapittel 2.3 – 2.5, vil eg gje ein oversikt over kvifor eg har vald desse teoriane og kva teoriar eg sjølv har nytta i mi oppgåve.

Motivasjonslære frå pedagogikken kan som nemnd i kapittel 2.3 delast opp i behavioristisk, humanistisk, kognitivistisk og sosiokulturell. Den indre motivasjonen er vanskeleg å definere og undersøke, og ettersom mi oppgåve handlar om motivasjon til arbeid og ikkje til læring, har eg teke utgangspunkt i den sosiokulturelle biten av motivasjonslære. Det er viktig her å påpeike at motivasjon består av ulike komponentar, er meir flytande/dynamisk og ikkje nødvendigvis er så inndelt som teorien skal ha det til. Det er i denne samanhengen relevant å fokusera på den sosiokulturelle motivasjonen ettersom den frivillige innsatsen i stor grad baserar seg på sosial interaksjon og med eit ynskje om å bygga relasjonar framfor å ha ein tradisjonell betaling.

Sjølvestyreteorien utvikla av Deci & Ryan frå kapittel 2.4 viser til ein todeling av motivasjon i arbeidet: Autonom og kontrollert motivasjon. Kontrollert motivasjon vert framlagt som ein motivasjon basert på belønning og kontrollerte omgjevnadar i arbeidet, medan autonom motivasjon handlar om tilrettelegging og sjølvstyring av eigen motivasjon. Dersom motivasjonen for innsatsen skal koma frå eit ynskje om å gjere ein god jobb, samt sosiale relasjonar, er det naturleg å fokusera på autonom motivasjon i oppgåva. Også i analysen vert motivasjonen til dei frivillige og motivasjonen dei ansvarlege for frivillige legg opp til målt opp mot autonom motivasjon.

Volunteer Functions Inventory (VFI) er ein kategorisk inndeling av frivillige sine motivasjonar, nytta i analysen av intervju og anna datamateriale frå frivillige. Eg har ikkje nytta VFI som verktøy i mi eiga undersøking av frivillige ettersom eg ynskja ein meir eksplorasjone metode. Derimot er terminologien og funksjonane nytta i VFI eit veldig nyttig verktøy i undersøking av motivasjon og motiv i frivillig innsats. Desse indikasjonane på motiv og motivasjon går av og til i kvarandre, og som nemnd i tidlegare kapittel kan ein frivillig ha fleire motiv og motivasjonar samtidig og i ein dynamisk utvikling i løpet av engasjementet.

## 2.7 Kulturleiing

Dersom ein skal bedømme utifrå mengda leiingslitteratur, kan det verka som det er meir skriven om *leiing som kunst*, enn om *leiing av kunst*. Fagfeltet er likevel veksande, og innsikt i kunst- og kulturverksemdar si organisering og leiing aukar for kvar publikasjon og studie som vert gjort. Når ein snakkar om kulturleiing *spesifikt*, snakkar ein også om leiing *generelt*. Det er altså få distinksjonar som skil kunst og kultur frå andre organisasjonar når det kjem til organisasjonsteori enn så lenge (Wennes 2007). Med opprettinga av institusjonar og organ i Noreg som handterer distribusjon, organisering og tilskot til kunst og kultur, vart det tydeleg at det også innan kunsten og kulturen var viktig med forståing av budsjett, rekneskap, søknadsskriving og rapportering, tidlegare omtalt som "ukreative" posisjonar (Elstad & De Paoli 2014).

Det er derimot ein viktig distinksjon, og det er leiing av den kreative og skapande personen. Historisk har ein bedrift eller organisasjon skilt mellom personar med ansvarsområde som kan skildrast som *kreative* og dei som kan lettast skildrast som *ukreative*. Ein rekneskapsfører eller resepsjonist har vorte fortalt at hen skal halda seg vekke frå den kreative, og visa versa. I Bilton (2007) nyttast omgrepa *suits* og *creatives* om dei som handterer den daglege drifta, og dei som har kreative oppgåver med skapande verksemd. Bilton prøver i det lengste å avskaffa myta om "geniet" og at desse oppgåvene kan sjåast på som to separate områder, og påpeikar at effektiv og god leiing lyt inkorporere begge deler i ein felles tankegang framfor å skilje og leie separat.

Det einaste som er sikkert, er at utan god leiing vil organisasjonen driftast dårlegare. Og handtering, organisering og leiing av frivillige er like essensielt, om ikkje meir, enn ordinære arbeidstakarar. Det er viktig med gode rutinar, god kommunikasjon, at beskjedar vert gjeve tydeleg og at alle er innforstått med kva oppgåva inneber og korleis den skal utførast. Dersom ein frivillig ikkje gjer jobben sin, er det vanskelegare å skylda på den frivillige eller gje konsekvensar som reprimande eller terminering av arbeidsforholdet.

*"Utan effektiv leiing, er det svært usannsynleg at den optimale verdien av kreativitet og innovasjon vert avdekket" (Bilton 2007 s.5)*

### 3. Forskingsdesign og metodisk tilnærming

I dette kapitlet vil eg forankra forskingsmetode i teori. Med forskingsmetode siktar eg til dei verktøya og framgangsmåtane ein vel for å samle inn det empiriske materialet og den relevante litteraturen for å svare på problemstillinga. Desse verktøya legg ulike føringar for den praktiske planlegginga, gjennomføringa og behandlinga av dataen.

I byrjinga av kapitlet går eg nærare inn metoden med refleksjonar og begrunningar for val som vart gjort i forkant av datainnsamlinga. Dernest vert det drøfta korleis innsamlinga vart ivareteken etisk, og til slutt legg eg fram kvalitetssikring av eigen datainnsamling på grunnlag av teori.

Innan forskning har ein eit tydeleg fokus på subjektivitet og objektivitet, samt kva ein som forskar må være dyktig til å identifisere og arbeide med rundt all forskning. Denne oppgåva kan ikkje være 100% objektiv ettersom mine personlege erfaringar, tankar og innfallsvinkel spelar inn på resultatet. Ved å gjere utval og gjennomføre konkrete innsamlingar av data, utelukkar ein andre data som ein ikkje har tid, ressursar eller interesse for å samle inn. Dette kunne hatt ein påverknad rundt resultatet og empirien nytta i denne oppgåva. Dessutan vert mykje av referansane i litteraturen skrive av forskarar med sin eigen innfallsvinkel og bakgrunn. Ein forskar skal anerkjenne sine begrensingar og være open om kva ein har vald og kvifor. Dette for å ha eit reflektert forhold sjølv rundt kva utgangspunkt ein har, samt for å betre validiteten og reliabiliteten til oppgåva ved å leggje alle korta på bordet slik at ein eventuell etterprøving og testing av oppgåvas empiri og konklusjon/analyse kan gjenskapast og ikkje skal ha verta farga av forskareffekten<sup>6</sup>.

Som nemnd i kapittel 1.3, kjem det meste av forskning som eit resultat av nysgjerrigheit eller bekymringar rundt eit tema. Dette temaet er ofte noko forskaren sjølv er oppteken av, og dermed er det umogleg å oppnå 100% objektivitet. Det viktigaste er derfor å vera reflektert

---

<sup>6</sup> Den påverknaden ein forskar har på forskinga med sine eksplisitte og ubeviste val, sine føredomar og formulering av spørsmål.



og open om alle innfallsvinklar, samt å drøfta kva som kunne vore gjort annleis og korleis dei vala ein har teke i forskinga kan ha påverka resultatet. I analysen av empirien og den innsamla dataen, vert det like viktig å reflektera over kva ein som forskar gjer av val som kan påverka analysen.

### 3.1 Kvalitativ metodeval

Ein kvalitativ studie er ein eksplorerande metode med mange variablar og få einingar som gjev mogleik til å gå nærare inn på empirien med dybdeintervju, tekstanalyse og andre studiar med ord som data. Når ein har ein kvalitativ tilnærming til empirien, har ein som regel eit meir opent utgangspunkt og ein meir utforskande studie der respondenten får meir fridom til å ordleggje seg slik ein sjølv vil. Dette fører til at respondentens synspunkt og bakgrunn skin meir gjennom enn i ei kvantitativ studie med talbasert data. Den innsamla datamengda kan difor være stor og utydeleg, der tolking og koding av svar er ein avgjerande faktor som kan påverke både pålitelegheita og gyldigheita (reliabilitet og validitet) til oppgåva (Jacobsen 2015).

*”Et intervju er bokstavelig talt et inter view (fra fransk entrevue), en utveksling av synspunkter mellom to personer i en samtale om et tema som opptar dem begge” (Brinkmann & Kvale 2015a s.22)*

Eit forskingsintervju skil seg frå ein vanleg samtale då eit forskingsintervju har ein større grad av hensikt og struktur. Forskaren sine interpersonale kommunikasjonsevner kan være forskjellen på eit godt og eit dårleg intervju, då det i stor grad handlar om å få intervjuobjektet til å dela ein djupare meining og formidla alt personen sit inne med av informasjon som er relevant for oppgåva. Det er viktig å etablera ein tryggleik og ei rolle i intervjuet som informanten er komfortabel med. Val av informant er viktig då informanten i tillegg til å sitja på relevant informasjon må være utåtvend og evna å formidla informasjonen til intervjuar. Ein innåtvend person med mykje informasjon vil framleis være eit dårleg intervjuobjekt og kan til tider være svært krevande å etablera tillit hjå og få ut den relevante informasjonen frå.

Brinkmann og Kvale (2015b s.192) viser til 6 punkt som står som kriterier for kvalitet på eit semistrukturert intervju:

- Høg grad av spontane, innhaldsrike, spesifikke og relevante svar frå intervjuobjektet
- Så korte spørsmål som mogleg frå intervjuar og så lange svar som mogleg frå intervjuobjektet
- Høg grad av oppfølgingsspørsmål frå intervjuar for å klargjere relevante aspekt i intervjuobjektets svar
- At intervjuet i stor grad vert tolka innad i sjølve intervjuet
- At intervjuar prøver å verifisera sine tolkingar av intervjuobjektets svar undervegs i intervjuet (slik at intervjuobjektet kan verifisere eller falsifisere tolkinga)
- At intervjuet er sjølvforklarande, ei sjølvstendig historie som knapt treng ekstra forklaring

Etter desse kriteria kan ein konkludere med at semistrukturerte, kvalitative intervju er best når dei er sjølvforklarande, når intervjuaren får verifisert sine tolkingar direkte frå intervjuobjektet, når intervjuar stiller oppklarings spørsmål direkte etter eit svar som treng oppfølging og når intervjuaren stiller så kortfatta spørsmål som mogleg for å få så utfyllande svar som mogleg. Brinkmann og Kvale (2015a; 2015b) utdjupar også kva som vert krevd av forarbeid og etterarbeid for eit godt intervju. I mine intervju hadde eg fokus på korte spørsmål med høg grad av oppfølgingsspørsmål for å la respondenten kome med så mykje informasjon som mogleg i ein meir naturleg samtale, samtidig som at intervjuguidane vart utforma og nytta for å kunna samanlikna svar på tvers av respondentane (vedlegg 2 og 3).

I denne oppgåva har eg gjennomført sju kvalitative intervju med intervjuguide med middels-låg styringsgrad av ein ansvarleg for frivilligheit ved ein festival, to ansvarlege for frivillige ved heilårlege kulturorganisasjonar, samt fire frivillige ved heilårlege kulturorganisasjonar. Denne undersøkinga gjev empirisk materiale både frå dei frivillige og styra i kulturorganisasjonane, personar som sit med ansvaret for leiing, rekruttering og motivasjon av frivillige ved ein kulturorganisasjon, samt heilårsfrivillige. Intervjuet med Respondent 7 vart gjennomført 22.02.17, medan Respondent 1 – 6 vart alle intervjuet i september 2017.

Desse intervju vart gjennomført med ein intervjuguide (vedlegg 2 og 3) som utgangspunkt, med ein middels-låg struktur og styringsgrad utifrå intervjuguiden. Oppfølgingsspørsmål og andre spørsmål som ikkje utgår frå intervjuguiden kjem som ein fylgje av intervjuets gang og er i tråd med dei anbefalte retningslinjene til Brinkmann og Kvale (2015b) for eit godt kvalitativt intervju. Intervjua vart teken opp og transkribert i si heilhet, etter avtale og godkjenning frå respondentane.


For å forklare korleis ein kjem fram til metodeval, er det viktig å peika på problemstillinga og kva føringar denne legg. Problemstillinga er alltid avgjerande for val av forskingsdesign og metode, samt teknikkar innanfor ein og same metode. I denne oppgåva er problemstillinga; *”Kva styrkjar motivasjonen hjå dei frivillige i ein heilårleg kulturorganisasjon?”*. Problemstillinga inneheld tre komponentar: Motivasjon, frivillige og heilårleg kulturorganisasjon. Sjølv om desse heng saman har dei også ulike kvalitetar, teoretiske bakgrunnar og det vert nødvendig å sjå dei både i samanheng og individuelt.

## 3.2 Utval av respondentar

Eit utval av respondentar har alltid mange faktorar og omsyn å ta tak i før ein kjem fram til det endelege utvalet. Det fyrste trinnet er å prøva å kartleggja kva den totale respondentmengda kunne ha vore dersom ein hadde hatt uendeleg med ressursar, ofte kalla ”populasjon” (Jacobsen 2015). Med fokus på unge frivillige i ein heilårleg kulturorganisasjon med tverrsnitt i Bergen, er det dei to studentorganisasjonane som peikar seg ut. Det Akademiske Kvarter og Hulen i Bergen har til saman mellom 500 og 550 frivillige involverte i løpet av eit år (informasjon frå dei ansvarlege for frivillige ved dei to organisasjonane). Ein kvalitativ tilnærming med dybdeintervju handlar om å gå i dybden og kan normalt sett ikkje undersøka fleire enn 20 personar. Organisasjonane har frivillige frå heile landet, også utvekslingsstudentar frå andre land, så spreinga av respondentar kjem naturleg.

For å kunne svare på problemstillinga som vart framstilt i kapittel 1.2, har eg vald ein blanding mellom frivillige med ”vanlege” arbeidsområder, frivillige som har delvis ansvar, og ansvarlege for frivillige i dei aktuelle organisasjonane. Førespurnaden min om å delta i intervju til

masteroppgåva vart sendt ut til alle frivillige, på organisasjonane sine egne kanalar. Planen var å intervju 10 – 12 frivillige i tillegg til dei to ansvarlege for frivillige, men kun 4 ville stilla opp på intervju. Etter purring på respondentmengda, måtte eg ta eit val om å gjennomføra intervju med dei som tok kontakt. Ressursar som tid er svært avgjerande i kva endeleg utval ein ender opp med i slike undersøkingar, og derfor er det også ynskjeleg at fleire undersøkingar vert gjort på same feltet i andre oppgåver.



Figur 3.1 Inkluderingskriterier, ekskluderingskriterier og utval (Jacobsen 2015)

Utvalsmetoden var tenkt som eit blindt utval (Jacobsen 2015). Dette inneber å ikkje gjer eit utval basert på andre kriterier enn tilfeldig utval, og var enklast med tanke på at eg ikkje hadde nokon andre krav enn heilårlege frivillige. Dette fekk eg uansett ved valet av organisasjonane eg undersøker.

I tillegg til å undersøka dei frivillige og ansvarlege ved heilårlege kulturorganisasjonar, hadde eg eit ynskje om eit samanlikningsgrunnlag med tanke på feltet sitt fokus på eventbasert frivilligheit. Dette prøvde eg å tilføra ved å dybdeintervjua ein ansvarleg for frivillige i ein eventbasert organisasjon i same by med same intervjuguide som dei andre ansvarlege for frivillige.

### 3.3 Datainnsamling

I tillegg til å samla inn empirisk data frå enkeltindivid sine motivasjonar og motivasjonsnivå, såg eg det som nødvendig å undersøka kva kulturorganisasjonane på si side gjer for at deira frivillige skal verta, og forbli, motiverte.

Eg valde å gjennomføra 7 dybdeintervju med låg strukturgrad med frivillegansvarlege og frivillige ved kulturorganisasjonar. Intervjua vart teken opp for å tilretteleggja for transkribering og koding i etterkant. Med dybdeintervju fekk eg ein god samling datamateriale for analyse av kva som motiverar frivillige og kva dei ansvarlege for frivillige gjer for å motivera og for å halda på motivasjonen til dei frivillige.

Intervjuguiden til intervju med ansvarlege for frivillige var utforma med ein mindre strukturgrad og let respondenten koma med meir personlege innspel og sette større fokus på tema enn direkte spørsmål (vedlegg 2). Som nemnd i kapittel 3.1 er det i ein slik situasjon viktig å koma med oppfølgingsspørsmål og klargjera all mogleg utydelegheit for at ikkje svara skal kunne feiltolkast. I intervjuprosessen var eg særleg nøye med å klargjere tvetydige og vage svar gjennom oppfølgingsspørsmål til respondenten. Utviklinga i intervju var tenkt å byrja med informasjon om respondenten både profesjonell og privat erfaring, så gå nærare inn på motivasjon og kva organisasjonen gjer for å rekruttera og motivera sine frivillige, kva dei har slags tankar rundt leiing av sine frivillige, for så å opna for meir fri samtale rundt det som hadde kome fram i dei tidlegare spørsmåla.

På same måte var intervjuguiden for dei frivillige utforma for å starte med spørsmål som respondenten kunne svara på for å gje samanlikningsgrunnlag mot dei andre respondentane, for så å koma med oppfølgingsspørsmål til eventuell interessant informasjon (vedlegg 3). Intervjuguiden har ein blanding av standardiserte spørsmål med svar på ein skala frå 1 – 10, medan andre er meir opne spørsmål som gjev mogleik for respondenten til å svara meir utfyllande med egne erfaringar og tankar rundt både tema og oppgåva.

### 3.4 Analytiske verktøy av datainnsamlinga

I kapittel 4 analyserar eg datamaterialet frå innsamlinga i oppgåva, og har sett opp ein inndeling som skal gjer analysen så oversiktleg som mogleg. Desse verktøya er nytta i analysen:

På kvar respondent så har eg laga ein ordskey (figur 4.1 – 4.7). Ein ordskey er eit kvalitativt verktøy som kan gje ein oversikt over kva som har komen fram frå eit intervju eller ein tekstanalyse. Desto større eit ord er, desto fleire førekomstar av det ordet er det i materialet. Dette verktøyet kallast tekst-graving, og vert nytta for å finne den fyrste strukturen i ein tekst. Ordskey tek utgangspunkt i den minste eininga i ein tekst: det enkelte ord. Ein ordskey utelukkar vanlegvis hjelpeord (er, vil, kan, som osv.) ettersom desse ikkje er relevant i noko analyse. Det verktøyet eg har nytta har ikkje teke vekk alle hjelpeord og støtteord. Ein ordskey seier med andre ord ikkje noko meir enn kva ord som dukkar oftast opp i transkriberinga av intervjuet, men kan seie noko interessant om kva som opptek respondenten (Jacobsen 2015 s.205-206).

Utifrå intervjuguiden (vedlegg 2 og 3) har eg laga ein kategorisering av materialet på bakgrunn av "open koding", eller "første-syklus koding" (Jacobsen 2015). Dette verktøyet vert kalla definisjonstabell, og er ein inndeling av datamaterialet for å kunne samle relevant informasjon og kunne enklare samanlikne respondentane sine kategoriar enn ein komplett tekst. Desse kategoriane og underkategoriane vert nytta i organiseringa av datamaterialet frå Respondent 1, 2 og 7 (figur 4.1 og 4.12) då desse er direkte samanliknbare i det vervet dei har, samt respondent 3 – 6 (figur 4.2) ettersom desse også har same bakgrunn. Nokre av kategoriane kan gå litt i kvarandre, då fleire av tema inneheld noko liknande og overlappande informasjon.

I tillegg til definisjonstabell, har eg under oversikten av Respondent 3-6 laga egne underkategoritabellar med eit samandrag av dei 4 respondentane sine svar på liknande spørsmål (tabell 4.3 – 4.11). Desse tabellane kallast kopingstabellar, og kan visa interessante korrelasjonar eller samanliknande informasjon frå ulike respondentar. Desse kopingstabellane sine kategoriar kjem frå definisjonstabellen (Jacobsen 2015). Det må understrekast at med den eksplorerande tilnærminga til intervjuet eg har hatt, har ikkje alle dei same spørsmåla vorten nytta i alle intervjuet eller formulert heilt likt til tross for at den

same intervjuguiden har vorte nytta på alle intervju. Desse tabellane vert vidare nytta i drøftingskapitlet som tek for seg moglege samanhengar og kausalitet på tvers av respondentar.

### 3.5 Ethiske omsyn

I dei kvalitative intervju av dei ansvarlege for frivillige vart respondentane informert om at det var ynskja å nytta full informasjon om bakgrunn og organisasjon i oppgåva. Dette vart godteken på grunnlag av at heile intervjuet vart teken opp og transkribert direkte. Det var min intensjon å anonymisera all personinformasjon frå alle intervju, og alle respondentane godtok dette. Alle respondentane godkjente at eg kunne nytta bakgrunn og organisasjon ettersom dette er meir generell informasjon som ikkje kan nyttast til identifisering. Respondent 1, 2 og 7 godtok også at deira posisjon i organisasjonen vart inkludert ettersom dette er ein viktig del av oppgåvedataen.

Dersom lydopptak og full transkribering vert nytta, er det ikkje vanleg eller nødvendig med sitatsjekk (Tjora 2017). Eg har derfor vald å ikkje sende intervju ut til respondentane for sitatsjekk. Eg tok derimot kontakt med alle respondentane mot slutten av skriveperioden for å gje dei mogleik til å trekka seg frå oppgåva dersom ynskjeleg.

*”Intervjuet høyrer til den spesifikke situasjonen det ble gjort i, og vi er derfor varsomme med å la informantene kommentere hele sitt intervju.”*  
(Tjora 2017)

Det er likevel viktig å sjekke at faktaopplysningar som respondenten kjem med stemmer. Det er forskar sitt ansvar å sørge for at respondenten ikkje kjem i eit dårleg lys. Sitatsjekk er viktigast å bruke dersom respondenten kan kjennast att eller er namngjeve (Tjora 2017).

### 3.6 Reliabilitet og validitet i undersøkinga

Dette kapittelet vil drøfta i kor stor grad datainnsamlinga kan hevda reliabilitet og validitet. Reliabilitet skildrar som nemnd i det teoretiske rammeverket dataen sin pålitelegheit, medan validitet skildrar dataen sin relevans sett i lys av teori og problemstilling.

Utvalet av einingar har vore ein lang prosess, der eg til slutt har enda opp med totalt 7 respondentar. Hovuddatainnsamlinga har fokus rundt unge frivillige.

Å være transparent er eit sentralt krav til all forskning, at det kjem klart fram kva val og metodar som er teke, kva teoriar som er nytta, og kva utfordringar som dukka opp undervegs. Dette må presenterast og diskuterast med openheit og klarheit for lesaren. Det er viktig at val og endringar i undersøkinga vert registrert undervegs i prosjektet, og dette stiller store krav til at forskaren er systematisk og ryddig. Målet er at den som les forskinga skal få eit så godt innblikk i prosessen at vedkomande skal kunne ta stilling til forskarens truverdigheit. Ved å være reflektert som forskar rundt tolking og nytting av empiri, samt korleis tolkingar vert forma av ulike faktorar, både interne og eksterne, aukar ein undersøkinga si truverdigheit (Tjora 2017). Det er vanlegvis tre indikatorar som nyttast når ein skal vurdera kvaliteten på forskning: Reliabilitet, validitet, og generalisering.

*”Reliabiliteten vil påvirkes av den kvalitetsmessige kontroll av data: Nøyaktighet i dataregistreringen, søking etter feil og retting av disse. (...)Validitet går på relasjonen mellom indikator og teoretisk begrep” (Ringdal 2001 s.167-168).*

#### **Generalisering**

Ekstern gyldigheit går på om resultat frå eit avgrensa område er gyldige også i andre samanhengar. Den eksterne gyldigheita seier noko om i kva grad eit funn kan generaliserast til å gjelda også i andre samanhengar. Denne indikatoren vert også kalla *overførbarheit* (Jacobsen 2015). Tjora (2017) skildrar tre ulike former for generalisering; naturalistisk generalisering, moderat generalisering og konseptuell generalisering. Med den kvalitative og eksplorerande tilnærminga i denne oppgåva, har ikkje generalisering vore eit uttrykt mål.



## Reliabilitet

Reliabilitet betyr at empirien må være påliteleg og truverdig (Jacobsen 2015). Det er ikkje uvanleg at forskaren sjølv har eit engasjement eller interessar innanfor temaet eller feltet det forskast på. Ein forskar si interesse kan tolkast som støy dersom ein har som ideal å være objektiv og nøytral, eller det kan tolkast som ein ressurs. Det viktigaste er at forskaren er open og reflektert om si involvering i forkinga, undersøkinga og tolkinga av empirien. Det kan være ein negativ faktor om ein har med føredomar som ein ikkje er reflektert rundt (Tjora 2017). Auka truverdigheit får ein ved å nytta opptak av intervju, ved å sitera direkte frå undersøking av informantar og ved å være open når ein nyttar egne analysar og tankar.

Reliabiliteten i intervju vart ivareteken ved å ta opp intervju med digital diktafon. Dermed fekk eg feilfrie opptak, noko som gjer at eg har kunna transkribera og registrera all informasjon som framkom i etterkant. Desse opptaka er trygt lagra og kan gjennomgåast av andre dersom det vert nødvendig for etterprøving eller vidare forking.

## Validitet

Validitet betyr at empirien er gyldig og relevant. Jacobsen (2015) viser til to typar gyldigheit, *intern* og *ekstern*. Intern gyldigheit går på om ein har dekning i empirien til å trekka dei konklusjonane ein kjem fram til. Ein vanleg indikator på intern gyldigheit er forskarens refleksjonar rundt empirien og openheit rundt dataen som vert nytta. Data isolert kan tolkast på ulike måtar og må sjåast i samanheng og med ein kritisk tilnærming. At forkinga føregår innan faglege rammer vil være den viktigaste kjelda til høg gyldighet, og det er viktig å være open for korleis forkinga blir praktisert (Tjora 2017).

Validiteten skildrar om dataen frå undersøkinga i det heile svarar på forkingsspørsmål og problemstillinga. Det er her falsifisering og verifisering av forkingsteori kjem inn. For å sikra meg at all data hadde så høg validitet som mogleg, har eg omgrepsavklart problemstillinga og andre uttrykk nytta i oppgåva. Ved utforminga av intervjuguidane var det viktig at alle omgrep som vart nytta skulle forståast av respondenten. Spørsmåla vart retta mot utvalet på ein slik måte at alle spørsmål skulle være sjølvforklarande og behovet for oppfølgingsspørsmål skulle vær minimal.

## 4. Analyse av datamaterialet

Analysen av datamaterialet vil verta gjennomført som ein innhaldsanalyse av kvalitativ data, med kategorisering og under-kategorisering for å finna fram den signifikante og interessante dataen i materialet. Empirien er sortert ut ifrå grad av signifikans til oppgåva, og ordna i underkapittel etter dette.

Alle dybdeintervjua som har vorte gjennomført er transkribert og laga eit nummerert utdrag frå som er tilgjengeleg ved etterprøving av oppgåva.

### 4.1 Dybdeintervju

Som hovudempiri i oppgåva for å svare på problemstillinga, er det gjennomført 7 kvalitative dybdeintervju med middels-låg styringsgrad. Formålet var å gjere eit tverrsnitt i Bergen med studentar som fokusområde. Dette vart ivareteken ved å intervju ansvarlege for frivillige ved studentorganisasjonar med heilårlege frivillige som arbeidskraft i Bergen, samt heilårsfrivillige ved studentorganisasjonar i Bergen. I tillegg til desse er det gjennomført eit intervju med ein ansvarleg for frivillige i ein festival i Bergen, dette for å ha samanlikningsgrunnlag for eventbasert frivilligheit opp imot heilårleg frivilligheit. Dette intervjuet er også gjennomført med same intervjuguiden som dei andre ansvarlege for frivillige.

#### 4.1.1 Ansvarleg for frivillige i heilårleg kulturorganisasjon

Eg har utført dybdeintervju med frivillegansvarleg ved Det Akademiske Kvarteret i Bergen og tidlegare frivillegansvarleg (nyleg avgått) for Hulen i Bergen. Desse har/har hatt ein ganske lik rolle i to organisasjonar som har heilårsfrivillige. Begge er studentorganisasjonar i Bergen, det Akademiske Kvarteret har omtrent 400 frivillige i løpet av eit år, medan Hulen har litt i overkant av 100 frivillige involvert i løpet av eit år.



## **Bakgrunn og erfaring**

Respondent 1 er frivillegansvarleg ved Det Akademiske Kvarter i Bergen, populært kalla Kvarteret. Ho har jobba seg oppover i systemet som frivillig sjølv, og har hovudsakleg arbeidserfaring frå frivillig engasjement, både i eventbaserte og heilårlege organisasjonar. Som frivillegansvarleg ligg ansvarsområdet i rekruttering av nye frivillige og handtering av saker rundt dei frivillige. Understyra hjelp også til med rapportering og den daglege handteringa av dei frivillige.

## **Organisasjonen**

Kvarteret har ifølge Respondent 1 mellom 400 og 500 frivillige involvert i løpet av eit år, men ein del av desse er utvekslingsstudentar og dermed kun involvert i eit semester. Andre er medlemmar i mange år og vert livstidsmedlemmar med tilgang på godene resten av livet. Kvarteret skriv kontrakt med sine frivillige, og nyttar hovudsakleg desse kontraktane som kontaktinformasjon og for at dei frivillige skal ha ein følelse av at engasjementet er viktig for organisasjonen. Kontrakten har ingen bindingstid, og Kvarteret opererer med arbeidsplanar ein månad fram i tid. Kvarteret opererer også med prøveskift, slik at ein kan prøva fleire områder før ein vert "fast" medlem og koma med tilbakemelding dersom området ikkje er riktig for den frivillige. Det kan også være at dei ansvarlege anbefalar å prøva andre områder om det verkar heilt feil for den frivillige. Kvarteret nyttar ikkje per dags dato nokon teori rundt sin frivillighandtering, men Respondent 1 seier at dette kan ha vore til stades i oppstarten av organisasjonen ettersom ho ikkje var her da. No er det erfaringsbasert, og ho har lært mykje av dei som var frivillegansvarleg i organisasjonen før.

*"(...)Så det første skiftet er bare et prøveskift. Også sier de at de vil jobbe i café for eksempel, og da kan vi tilby det og så sier vi: "Okey, nå har du hatt et skift der. Vil du prøve ut et skift i puben nede også?" (Respondent 1)*

## **Rekruttering**

Organisasjonen rekrutterar på studenttorg opp mot studentar i Bergen, og dei legg ved ei brosjyre om Kvarteret i velkomstpakken til studentar på UiB. Erfaringsmessigt har Kvarteret minka rekrutteringa utanfor huset, og heller fokusert på rekrutteringsfestar og –eventar i sitt eige bygg. Dette fordi dei som kjem på desse eventane er meir sannsynleg kjem til å verta

frivillig, og dei føler dei treff fleire av dei riktige frivillige på denne måten. Dessutan merkar Kvarteret at rekrutteringa, på grunn av storleiken og omdømet til organisasjonen, går litt av seg sjølv. Det kjem utvekslingsstudentar som søker seg inn som frivillig på Kvarteret utan å ha fått noko anna informasjon enn frå nokon dei kjenner som også har vore frivillig der.

### **Motivasjon og motiv**

Respondent 1 seier at dei gjennomfører ein undersøking av sine frivillige ved oppstart, der dei har eit intervju for å finna ut av kvifor ein søker seg inn som frivillig og kva område som er riktig. Det vanlegaste motivet for å starta som frivillig verkar å vera det sosiale aspektet ved likesinna i same by, eller arbeidserfaring og innsats på CV i følge respondenten. Respondent 1 meiner frivillig innsats på CV-en er veldig positivt, og har sjølv tenkt at dette er noko som er viktig. Særleg erfaring frå styre og ansvar for andre er svært viktig for jobbsøking vidare. For å verta livstidsmedlem må ein oppnå 14 poeng. Ein "vanleg" frivillig får 1 poeng per semester. Enkelte ansvarsområder gjev fleire poeng på same tidsperioden som andre oppgåver. Det er ingen andre insentiv før ein når 14 poeng.

### **Demotivasjon**

Den største utfordringa rundt motivasjon er starten av nye semester, der det ofte kan vera mykje fråfall av frivillige og arbeidsoppgåver som krever at dei frivillige jobbar oftare enn vanleg. Dette gjeld både i styra og dei "vanlege" frivillige. Dei frivillige som er igjen frå førre semester, er heilt essensielle for Kvarteret i til dømes fadderveke og periodar med mykje bortfall. Kontinuitet er noko som er vanskeleg i ein organisasjon som er så avhengige av noko så sårbart som frivillige, og organisasjonen set derfor ekstra pris på når dette fungerer så godt som det gjer. Med andre ord er det ikkje enkelte områder som demotiverar, men stressande periodar og mangel på frivillige som kan demotivera.

### **Heilårleg kontra eventbasert frivilligheit**

Respondent 1 har vore frivillig hjå Øyafestivalen, Slottsfjell og Hove. Opplevinga der var at det var morosamt, men at det føltes som (og var) ein motyting for gratis inngang. Respondenten har teke med seg erfaringar frå eventbasert frivillig inn i den heilårlege organisasjonen, ved å ha ein frivilligbase med mat og drikke til dei frivillige i stressande periodar.



Dei siste åra har det vore litt under dette talet, noko organisasjonen har merka på at det vert meir arbeid på dei som er frivillige. Det er også stor forskjell på kor villige dei frivillige er i å ta på seg ekstra arbeid og involverar seg aktivt i drifta. Hulen undersøker ikkje dei frivillige sine motiv før oppstart, men har eit avkryssingsskjema der dei frivillige vel dei områda dei trur er best, samt tilbyr prøvevakter slik at dei som er litt usikre kan prøva fleire områder og sjå kva som er best før dei byrjar. Dei har også medarbeidarsamtalar og forslagskasser for at det skal være enkelt å koma med tilbakemelding dersom noko ikkje er slik det skal. Dei ansvarlege på kvart område og understyra er også svært viktige i å vidareformidla tilbakemelding til hovudstyret. Hulen opererar med semesterlister, slik at vaktene skal være så forutsigbare som mogleg for sine frivillige.

Dersom ein ikkje møter opp på vakt, får ein prikk. Ved to prikkar får ein advarsel, og ved tre prikkar må ein inn til styret for å forklara situasjonen og for å sjå på om engasjementet skal terminerast eller halda fram. På grunn av dette har også Hulen fått utarbeida ein kontrakt i samarbeid med BRAK<sup>7</sup>, slik at dei frivillige har ein handfast avtale med oppseiingstid. Heile styret i organisasjonen er frivillige, og Respondent 2 seier at ein på generell basis merkar ein nedgang i frivillige i fleire organisasjonar:

*”Jeg har snakket generelt med frivillige i Bergen og generelt med styrer i Bergen, og det er en nedgang på hvem som ønsker å sitte i styrer og hvem som ønsker å engasjere seg mer. Jeg skrev en sak i K7-bulletin om det en gang at det er en nedgang i frivillige og det er folk som snakker om det i alle bransjer som drives av frivillige, at det er ikke nok å få goder lenger. Folk forventer at man skal få penger for ting, som såklart man fortjener å få penger for noe viss man er god på det, men jeg vet ikke om folk lenger ser den erfaringen og godene som det å være frivillig kan gi dem. Jeg tror nok at alle, ikke bare nødvendigvis Hulen, opplever en liten nedgang versus 5 år siden.” (Respondent 2)*

---

<sup>7</sup> BRAK er eit kompetansesenter for alle aktørar innan musikk i Hordaland og Sogn og Fjordane, som arbeidar for kurs, nettverksbygging, kompetanseauking og utarbeiding og forbetring av rammevilkår for musikarar i regionen

Hulen nyttar ingen teori i sin handtering eller rekruttering av frivillige, men dei ansvarlege i styret har sin bakgrunn og erfaring innan organisasjon og leiing som dei deler med andre. Respondent 2 har sjølv erfaring frå event- og festivalmanagement og har nytta NKA (Norske Konsertarrangører) sine utgjevnadar om frivilligheit og leiing. Som ekstra tankar rundt feltet, nemner Respondent 2 at det er svært viktig å væra tydeleg og forutsigbar i leiing av frivillige. Særleg fordi frivillig arbeid er så sårbart ettersom det ikkje "kostar" den frivillige noko å slutta. For Hulen er dei gruppeansvarlege på skifta svært viktige i den daglege drifta, desse har erfaring og driv opplæring av dei andre frivillige. Respondent 2 seier at to tredjedelar av tida må dei frivillige detaljstyrast på grunn av usikkerheit og uerfarenheit, og då kjem dei gruppeansvarlege godt med.

### **Rekruttering**

Hulen nyttar hovudsakleg studenttorget og informasjonsdagar på Høgskulane og Universitetet i Bergen for å rekruttera studentar i området. I tillegg har organisasjonen dei siste åra lagt større vekt på sosiale medier for å nå ut til potensielle frivillige, samt internrekruttering (at dei frivillige rekrutterar sine venner ved å fortelja kor mykje dei likar seg på Hulen). På enkelte grupper er det veldig enkelt å rekruttera, og der opererar Hulen med ventelister for å ha enkel tilgang på frivillige ved eventuell fråfall. For å motarbeide fråfall av frivillige, arbeidar Hulen med rekruttering gjennom heile året, og særleg dersom behovet vert stort på enkelte områder.

### **Motivasjon og motiv**

Dei mest vanlege motiva for den frivillige innsatsen verkar å væra sosialt samvære og arbeidserfaring. Dei som forblir frivillige over lenger tid, verkar å ha eit ynskje om å verta livstidsmedlemmar. Hulen opererar med eit poengsystem der ein må ha 18 poeng for å oppnå toppsummen. Det er ingen goder før ein når toppsummen. Ein "vanleg" frivillig får 4 poeng i semesteret, medan andre stillingar som ansvarleg og styremedlem gjev meir poeng. I tillegg kan dei frivillige ta på seg ekstra vakter for å få ekstra poeng i løpet av semesteret. Dette betyr at dei frivillige kan verta livstidsmedlemmar mykje tidlegare enn hjå kvarteret. Motiverte frivillige er absolutt viktig for Hulen. For å ivareta motivasjonen til dei frivillige arrangerar Hulen egne festar for sine frivillige, og har i år laga egne ansvarsområder som er sosialansvarlege:



*”(...)Det er det som gjør at det er et hyggelig sted å vær både for dem som jobber, men også for gjester og artister. Det er flere artister som kommer tilbake fordi de liker stemningen og de liker hvordan Hulen fungerer. Det er ildsjeler som bruker hvor mange timer i uken og måneden på å drive et sted uten å få noe tilbake for det. Det er en helt egen atmosfære og det at folk er kjent på tvers av gruppen og kan lære og gjør hverandre trygge er det som gjør det til et skikkelig spesielt sted.”*

### **Demotivasjon**

Respondent 2 seier at det nok er enkelte områder som er mindre populære enn andre, men at dette ofte kjem av mangel på kunnskap om området. Til dømes prøver Hulen å rekruttera fleire jenter til å være vert og vakt fordi det verkar som mange ikkje tørr å søka seg til desse områdene. Respondent 2 føler også at plasseringa gjer at dei vert i konkurranse med andre organisasjonar i same by. Dette fordi til dømes Kvarteret ligg rett i sentrum ved sida av andre uteplassar, medan Hulen ligg litt utanfor bykjerna.

### **Heilårleg kontra eventbasert frivilligheit**

På spørsmål om forskjellane mellom eventbasert og heilårleg frivilligheit, seier Respondent 2 at du får meir tid til å nytta deg av godene (både fysiske og sosiale) ved heilårlege kulturorganisasjonar enn ved til dømes festivalar. Festivalar må verta flinkare til å sjå enkeltindividet som frivillig utover berre det å vær ein arbeidskraft. Det kan være ein utfordring å vær personleg med sine frivillige, men det fører til mykje meir motivasjon. Respondent 2 meiner det er positivt at dei frivillige er interessert i å ha innsatsen på CV-en og at dei kanskje også har fleire motiv for engasjementet. Ho har sjølv nytta den frivillige innsatsen på CV-en sin og fått mange jobbtilbod på grunn av erfaringa.

*”Hulen er Bergens eldste og mest karakteristiske utested. Dets historie strekker seg tilbake til 1968, da det nedlagte tilfluktsrommet ble bygget om og åpnet som klubblokale for studenter. Klubben bærer fremdeles preg av å ha vært ment som bomberom, da den bokstavelig talt ligger inne i fjellet. Derav også navnet. I dag fremstår imidlertid Hulen i moderne innpakning med dansegulv, konsertscene og to barer. Lokalet er også pusset opp de siste årene, slik at tiden der man måtte kle seg i boblejakke på vinterstid for å unngå kuldesjokk, er over. Ei heller drypper det vann fra taket lenger.”*  
(Studenttorget 2016)

## 4.1.2 Frivillig i heilårleg kulturorganisasjon

Eg har gjennomført 4 intervju med frivillige ved heilårlege kulturorganisasjonar i Bergen. Desse fire har alle hatt eller har ein tilknytning til Det Akademiske Kvarteret eller Hulen i Bergen, noko som gjev eit tverrsnitt av studentfrivillige i Bergen.

Dei fire respondentane har gått med på å dele informasjon, men namn og personinformasjon vert anonymisert og dei vert derfor referert til i analysen som Respondent 3, 4, 5 og 6. Som i kapittel 4.1.1, er det også her gjort ein kategorisering av materialet i henhold til "open koding" utifrå intervjuguiden nytta i intervju (vedlegg 3).

Tabell 4.2 Definisjonstabell Respondent 3 - 6

	Kategori	Innhald
1	Bakgrunn og erfaring	All data som viser til erfaring respondenten har med frivilligheit og elles relevant bakgrunn
2	Rekruttering	All data som seier noko om korleis respondenten vart rekruttert til den relevante organisasjonen
3	Motiv	All data som viser kva motiv respondenten har/hadde for innsatsen, og om denne vart undersøkt av organisasjonen anten før, undervegs eller etter innsatsen
4	Motivasjon	All data som viser til kor motivert respondenten er/var til sin innsats, kva som motiverte til innsatsen, og om denne motivasjonen vart undersøkt av organisasjonen anten før, undervegs eller etter innsatsen
5	Krevande	All data som viser til kor krevande respondenten finn/fann sin innsats
6	Goder	All data som viser kor stor vekt respondenten legg/la på dei fysiske godene, og kva dette hadde å seie for innsatsen
7	Demotivasjon	All data som viser anten oppgåver eller områder som vert/vart opplevd som demotiverande og kor vidt organisasjonen gjer/gjorde noko med dette
8	Tilbakemelding	All data som viser til om respondenten har/hadde mogleik til å koma med tilbakemeldingar til organisasjonen
9	Heilårleg kontra eventbasert frivilligheit	All data som går på forskjellane mellom heilårleg og eventbasert frivilligheit, kva fordelane og ulempane er, og kva felte kan læra frå kvarandre
10	Diverse	All data som ikkje kan kategoriserast under dei andre kategoriane

## Oversikt

For å kunne trekke fram korrelasjon i analysen for mogleg kausalitetsanalyse, har eg laga koplingstabellar under dei ulike kategoriane. Alle intervju har føregått med ein felles intervjuguide, men på grunn av den kvalitative og eksplorerande tilnærminga til datamaterialet kan ikkje all korrelasjon forklarast eller kallast kausalitet. Det ligg som regel meir bak svara i ein kvalitativ undersøking enn kva kan kvantitativt samanliknast. Derfor skal desse tabellane kun nyttast for overflatisk korrelasjon som kan trekka fram interessant data.

Tabell 4.3 – 4.11 kjem som ein kvalitativ analyse av intervju med Respondent 3 – 6, der eg har trekt fram enkelte samanlikningar under kvar av dei definerte kategoriane frå tabell 4.2. Utdrag frå intervju med direkte sitat frå respondenten vert vedlagt i oppgåva, og den fulle transkripsjonen av intervjuet er tilgjengeleg for etterprøving dersom nødvendig. Etter kvar tabell vil eg også kommentera kort kva eg ser på som interessant og kva som kan analyserast vidare for å sjå på korrelasjonen.

## Bakgrunn og erfaring

Tabell 4.3 Bakgrunn - Kopling av tema og einingar Respondent 3 – 6 (N = 4)

Tema	Respondent			
	3	4	5	6
Har vore frivillig hjå eventbasert før	X	X		
Har vore frivillig hjå heilårleg før	X		X	
Er for tida frivillig i organisasjonen		X	X	X
Kun vore frivillig i ein organisasjon		X		X
Erfaring med ansvarsområder	X	X	X	X

Tabell 4.3 viser kva erfaring og bakgrunn respondentane har. Alle har vore innom ansvarsområder som opplæring, gruppeansvar og sosialt ansvar hjå organisasjonen. Ein av respondentane er ikkje frivillig ved organisasjonen lenger, og for to av respondentane er dette deira fyrste engasjement.

## Rekruttering

Tabell 4.4 Rekruttering - Kopling av tema og einingar Respondent 3 – 6 (N = 4)

Tema	Respondent			
	3	4	5	6
Vart rekruttert på studenttorg		X	X	X
Kryssa av for arbeidsområde sjølv		X	X	X
Fikk jobba på det ynskja området	X	X	X	X
Har bytta gruppe innad i organisasjonen	X			
Kom inn i organisasjonen indirekte via annan organisasjon	X			

Tabell 4.4 viser at tre av fire respondentar vart rekrutterte via studenttorg og at desse fekk velja områder sjøve via avkryssing. Dette kan sjåast på som ein form for motivasjons- og motivundersøking frå organisasjonen ettersom den frivillige vel eit område dei meiner kan passa. I desse tilfella er det då viktig at organisasjonen tilbyr anten prøveskift eller enkle rammer for byting av grupper dersom den valde gruppa viser seg å vera feil for den frivillige. Den fjerde respondenten kom indirekte inn i organisasjonen via ein annan organisasjon som hadde tilknytning dit, men respondenten fikk framleis jobba med det ynskja området sitt. Denne respondenten har også byta grupper i organisasjonen, noko som skal drøftast vidare i respondenten sin analyse.

## Motiv

Tabell 4.5 Motiv - Kopling av tema og einingar Respondent 3 – 6 (N = 4)

Tema	Respondent			
	3	4	5	6
Byrja i organisasjonen på grunn av sosialt samvære	X	X	X	X
Byrja i organisasjonen for å ha innsatsen på CV			X	
Byrja i organisasjonen på grunn av familiær relasjon			X	
Byrja i organisasjonen for å få erfaring med ansvar	X			
Såg på dei fysiske godene kun som ein bonus før oppstart	X	X	X	X
Føler at motivet for innsatsen i relativt stor grad vart oppfylt	X	X	X	X

I tabell 4.5 ser ein at dei respondentane eg har intervjuar har hatt eit ganske likt utgangspunkt for sitt engasjement. Om dette er indikativt for organisasjonane og dei frivillige der, eller om eg har funne 4 respondentar med like utgangspunkt ved tilfeldigheit, er vanskeleg å konkludere med utan ein større respondentmengde. Sosialt samvære verkar også frå dei ansvarlege for frivillige (Respondent 1 og 2) i organisasjonane å vera det mest vanlege motivet for frivillig innsats hjå Hulen og Kvarteret. Dei fysiske godene har som vist i tabellen ikkje vore ein grunn til innsatsen. I analysen vil det også framkoma at sjølv om CV og ansvar ikkje var ein grunn til innsatsen på førehand, har dette vore noko dei alle set pris på per i dag.

## Motivasjon

Tabell 4.6 Motivasjon - Kopling av tema og einingar Respondent 3 – 6 (N = 4)

Tema	Respondent			
	3	4	5	6
Opplevd motivasjon i innsatsen over 5 (skala frå 1 - 10)	X	X	X	X
Innsatsen er/var meir motiverande enn krevande		X	X	X
Er/vart motivert av ansvar i innsatsen		X	X	X
Motivasjon i frivillig arbeid er svært viktig	X	X	X	X
Motivasjon er kva som fører til at ein held fram med innsatsen	X	X	X	X

Alle respondentane vart spurt om å vurdere sin motivasjon i innsatsen på ein skala frå 1 – 10 der 1 er lite og 10 er mykje. Alle fire respondentane svarte over 5, og ein respondent sa 10 av 10. Motivasjonen kunne dog fluktuera ganske mykje til tider. Alle fire svarar også at motivasjon i frivillig arbeid er det viktigaste ettersom ein ikkje får betalt for innsatsen, og at kontinuerlig motivasjon er grunnen til at ein held fram med innsatsen. Dersom ein opplev at motivasjonen sviktar, er det veldig lett å avslutta engasjementet ettersom det ikkje får noko form for konsekvens eller tap av inntekt. Ettersom problemstillinga for oppgåva ser på motivasjon av frivillige, vert motivasjon og leiing som motivasjon vurdert mykje meir inngåande i både analysen og drøftinga i oppgåva.

## Krevande

Tabell 4.7 Krevande - Kopling av tema og einingar Respondent 3 – 6 (N = 4)

Tema	Respondent			
	3	4	5	6
Følte at innsatsen var krevande over 5 (skala frå 1 - 10)	X		X	
Innsatsen er/var meir fysisk enn psykisk krevande	X	X	X	X
Innsatsens motivasjon veg/vog opp for det krevande		X	X	X

I tillegg til kor motiverte til innsatsen, vart alle fire respondentane spurt om kor krevande både fysisk og psykisk dei vurderte innsatsen til på ein skala frå 1 – 10. Kor krevande innsatsen var, var også svært fluktuerande for kvar respondent, men for tre av fire var innsatsen meir motiverande enn krevande og dermed vog opp for innsatsen. Dette kan også sjåast på som ein indikasjon på at den frivillige held fram med innsatsen. Dersom innsatsen vert opplevd som meir krevande enn motiverande, er det naturleg å tenka at den frivillige er i ferd med å verta demotivert og dermed har høg sannsyn for å avslutta engasjementet eller kanskje treng å bytta grupper eller arbeidsoppgåver. Alle fire respondentane seier at innsatsen var lite psykisk krevande, og at den fysiske innsatsen var nokså forventa. Dette handlar også om at den forventa arbeidsmengda til arbeidsoppgåva vart kommunisert på førehand og ikkje overstig kva ein kan krevja av ein frivillig.

## Goder

Tabell 4.8 Goder - Kopling av tema og einingar Respondent 3 – 6 (N = 4)

Tema	Respondent			
	3	4	5	6
Føler at dei fysiske godene kun er/var ein bonus	X	X	X	X
Ser/såg på det sosiale samværet som ein større gode	X	X	X	X
Har nytta seg av dei fysiske godene	X	X	X	X
Livstidsmedlem er/vart ein ekstra motivasjon		X		X

Tabell 4.8 viser kva dei frivillige tenker om dei godene som den frivillige innsatsen fører til. Til tross for at godene ikkje var eit motiv for nokon av respondentane (tabell 4.5), har alle nytta seg av godene i løpet av engasjementet. Alle ser dei på det sosiale samværet ved innsatsen som ein større gode enn til dømes rimeligare alkohol og mat (jamfør autonom og kontrollert motivasjon frå kapittel 2.4). Det å kunna verta livstidsmedlem var heller ikkje eit av motiva ved innsatsen, men har vorte eit uttrykt mål til to av dei tre frivillige som framleis er engasjert ved organisasjonen. Dette kan kome av at dei to respondentane er engasjerte ved Hulen og ikkje Kvarteret, ettersom Hulen sitt krav til poeng for å verta livstidsmedlem er mykje mindre og fører til at ein kan oppnå dette på 2 – 3 år ved "vanleg" innsats i motsetnad til Kvarteret sine 5 – 6 år (kapittel 4.1.1).

## Demotivasjon

Tabell 4.9 Demotivasjon - Kopling av tema og einingar Respondent 3 – 6 (N = 4)

Tema	Respondent			
	3	4	5	6
Har opplevd noko i innsatsen som ikkje motiverte	X		X	
Følte at organisasjonen ikkje tok tak i problemet	X			
Å jobba med andre personar enn dei som ein vanlegvis jobbar med, kan/kunne opplevast som demotiverande		X	X	X
Føler at organisasjonen har teke omsyn til demotivasjon	X	X	X	X

Alle fire respondentane svarar at dei føler organisasjonen stort sett har teke omsyn til demotivasjon. To av respondentane har opplevd hendingar eller oppgåver som førte til demotivasjon, og ein av desse seier at organisasjonen ikkje tok tak i problemet. Dette skuffa respondenten og førte til at respondenten ikkje følte organisasjonen tok problemet på alvor. Tre av fire respondentar seier at det å jobba med andre enn den faste gruppa kan føra til demotivasjon, ettersom ein vert så samansveisa som gruppe.

## Tilbakemelding

Tabell 4.10 Tilbakemelding - Kopling av tema og einingar Respondent 3 – 6 (N = 4)

Tema	Respondent			
	3	4	5	6
Har gjeve tilbakemelding om noko til leiar/styret	X	X	X	X
Føler at det var nyttig å gje tilbakemelding		X	X	X
Gav tilbakemelding som ikkje vart gjort noko med	X			
Organisasjonen er klar på kven som er nærmaste ledd	X	X	X	X
Har hatt medarbeidarsamtalar		X	X	X

Tabell 4.10 viser at alle fire respondentane har gjeve tilbakemelding om andre eller eigen innsats til ein overordna. Det verkar å være enkelt å ta kontakt og at det er tydeleg frå organisasjonane kven informasjonen skal vidareførast til. Tre av fire har også hatt eller vorten tilbydd medarbeidarsamtalar slik at respondenten får anledning til å ta opp problem i lukka rom. Ein av respondentane har opplevd at tilbakemeldinga ikkje vart teken vidare eller gjort noko med.

## Heilårleg kontra eventbasert frivilligheit

Tabell 4.11 Heilårleg/eventbasert - Kopling av tema og einingar Respondent 3 – 6 (N = 4)

Tema	Respondent			
	3	4	5	6
Meinar heilårleg frivilligheit har fordel i sitt langvarige engasjement og sosiale fokus	X	X	X	X
Har erfaring med/kjennskap til at eventbasert frivilligheit fortare vert ein transaksjon enn heilårleg frivilligheit	X	X	X	X
Meinar at dersom innsatsen vert godt kommunisert og planlagt, og at forventningane er tydelege på førehand, har eventbasert frivilligheit lettare for å engasjera på kort tid	X	X	X	X





## **Rekruttering**

Respondent 3 vart rekruttert til Kvarteret ved å vera medlem av Studentersamfundet i Bergen (som har møta sine på Kvarteret), og byrja innsatsen etter at overlappende vennegjengar mellom Studentersamfundet og Kvarteret anbefalte engasjementet.

## **Motiv**

Respondent 3 vart ikkje spurt om sin motivasjon eller motiv for innsatsen, og føler at dette nok kjem av at organisasjonen går ut ifrå at sine frivillige automatisk er motiverte til innsatsen ved at dei melder seg på. Respondenten har ikkje vore frivillig for å ha det på CV-en, men seier samtidig at det nok har vore positivt å ha og kan ha skaffa jobbar som elles ikkje ville vore aktuelle.

## **Motivasjon**

Motivasjon er enklast for respondenten i byrjinga og vert meir avgjerande for at respondenten held fram etter ei stund i engasjementet. På spørsmål om kor motivert Respondent 3 var til sin innsats både før og under, er svaret 7. Det var likevel veldig fluktuerande, og til tider undervegs kunne det vera alt frå 10 til -10.

## **Krevande**

Respondent 3 fann arbeidet til dels ganske krevande både fysisk og psykisk, og på ein skala er den totale summen 8,5.

## **Goder**

Det vart ikkje lagt stor vekt på dei fysiske godene, og Respondent 3 svarar 3,5 på ein skala frå 1 til 10. Dersom det sosiale samværet vert rekna med under "goder" ved innsatsen, vert summen 8 istadenfor.

## **Demotivasjon**

Respondent 3 har bytta grupper i organisasjonen som ein følgje av at oppgåva vart langtekkelig og for lite motiverande, men vil ikkje seie at dette er noko organisasjonen legg opp til ettersom dei alltid har bruk for dei frivillige som er tilgjengelige. Innsatsen som ikkje motiverte var opplæring av andre over lengre tid, samt ubehagelege hendingar med kundar

på jobb som ikkje vart teke tak i av organisasjonen i etterkant.

### **Tilbakemelding**

Respondent 3 har gjeve tilbakemelding om hendingar som var demotiverande og uhyggelege, og denne tilbakemeldinga oppfattast ikkje som at den vart gjort noko med av styret. Dette synes respondenten ikkje noko om.

### **Heilårleg kontra eventbasert frivilligheit**

Respondenten meiner den største utfordringa til eventar er at dei frivillige ikkje vert ein del av organisasjonen og føler seg fort på utsida. Samtidig er den største utfordringa til heilårlege organisasjonen å skapa nok engasjement hjå dei frivillige, samt halda på det engasjementet over tid. Respondenten anerkjenner at det er vanskelegare å halda på engasjement over tid, og etterlyser meir hendingar utover året for å halda på motivasjonen til dei frivillige. Dette er noko som definitivt skil dei gode og dei dårlege heilårlege organisasjonane.

### **Diverse**

På tankar rundt problemstillinga i oppgåva mi, svarar respondenten at det som nok motiverar mest dei heilårlege frivillige er følelsen av å bidra i ein organisasjon og det å skapa noko for andre som du har påverknad på. Samtidig er det også karakterbyggjande for ein frivillig å bidra på ein arbeidsplass med andre belønningar enn betaling som lønn. Frivillige organisasjonar har også ein særskild stilling i det sosiale samværet, og respondenten trekk fram kor viktig det kan være for å verta integrert i ein ny by der ein ikkje kjenner nokon frå før.



### **Motivasjon**

Efaringa har ført til at respondenten kjenner seg sjølv betre og har fått mange nye utfordringar. Sosialansvar for andre har også ført til auka motivasjon i engasjementet. Respondent 4 svarar 7 på ein skala frå 1 til 10 på kor motivert til innsats både før og under engasjementet.

### **Krevande**

Respondent 4 synes ikkje arbeidet har vore krevande fysisk eller psykisk, og på ein skala er den totale summen 4.

### **Goder**

Dei fysiske godene har heller ikkje vore viktig for respondenten, og på ein skala vert summen 1,5.

### **Demotivasjon**

Respondent 4 slit med søvnproblem og føler derfor at det største problemet med innsatsen er når det er seine vakter som kjem før skule. Dette er derimot ikkje eit stort problem då respondenten ikkje har problem med å bytte vakter eller kan ta seg fri frå skulen. Ettersom det sosiale er hovudmotivasjonen til innsatsen, kan det å jobba med nokon andre enn det faste arbeidslaget sitt føra til demotivasjon.

### **Tilbakemelding**

Medarbeidarsamtalar gitt mogleik til å seie ifrå dersom respondenten hadde ønska å bytta gruppe eller var misfornøgd med innsatsen.

### **Heilårleg kontra eventbasert frivilligheit**

Respondent 4 meiner at det er vanskelegare for eventar å fokusera på det sosiale på grunn av det kortvarige engasjementet, og at heilårlege organisasjonar har ein fordel på dette punktet. Ein venn av respondenten har vore frivillig på festival, og ho følte ikkje at ho fekk noko meir ut av det enn gratis inngang til musikken.



til innsats både før og under engasjementet. Respondent 5 seier det er svært viktig med motivasjon i frivillig arbeid, ettersom det som regel er einaste grunnen til at ein vel frivillig arbeid framfor ein betalt deltidsjobb.

### **Krevande**

Respondent 5 synes ikkje arbeidet har vore krevande fysisk eller psykisk, og på ein skala er den totale summen 6.

### **Godar**

Dei fysiske godene har ikkje vore viktig for respondenten, og på ein skala vert summen 1.

### **Demotivasjon**

Den delen av innsatsen som har motivert minst er å arbeida saman med andre frivillige som er umotiverte og den ekstrajobben det er å ha differanse i kassen på slutten av eit skift. Særleg i den andre organisasjonen føler respondenten at differanse har vorte fokusert veldig på og at dei frivillige nærmast vert heldt personleg ansvarlege.

### **Tilbakemelding**

Respondent 5 vart ikkje spurt om motivet for innsatsen før oppstart, men har følt at det ikkje var noko behov for det og at medarbeidarsamtalane på jobben gjev anledning til tilbakemelding dersom nødvendig. Respondenten har i likheit med Respondent 4 kryssa av sjølv for kva områder som var aktuelle. Dessutan kunne respondenten bytta grupper dersom nødvendig.

### **Heilårleg kontra eventbasert frivilligheit**

Respondent 5 har ikkje sjølv vore frivillig i eventbaserte organisasjonar, men kjenner mange med erfaring frå eventbasert frivilligheit og har gjort seg opp egne inntrykk. Inntrykket er at på festivalar er motivasjonen svært høg til å gjera ein innsats for dei godene som ein får, og at ein jobbar på festivalar som ein har eit ynskje om å få med seg musikken på. Fokuset ligg tydeleg på godene som høyrer med, og respondenten trur nok ikkje at ein er frivillig på festival på grunn av det sosiale samværet. Det verkar også til å være litt enklare å verta frivillig på festival, at lista ikkje ligg så høgt og at ein ikkje nødvendigvis vert så inkludert i arrangementet.





## **Motivasjon**

Sosialansvar har i likheit med Respondent 4 ført til auka motivasjon i engasjementet, samt at respondenten trives veldig godt med vertslaget sitt. Respondent 6 svarar 10 på ein skala frå 1 til 10 på kor motivert til innsats både før og under engasjementet.

## **Krevande**

Respondenten synes ikkje arbeidet har vore særleg krevande fysisk eller psykisk, og på ein skala er den totale summen 3,5.

## **Goder**

Dei fysiske godene har heller ikkje vore viktig for respondenten, og på ein skala vert summen ikkje meir enn 2. Til tross for dette, har det å kunne verta livstidsmedlem vore ein ekstra motivasjon no når respondenten ser mogleiken til å oppnå dette.

## **Demotivasjon**

Det som motiverar minst med innsatsen er kundar som oppfører seg dårleg og er overstadig berusa.

## **Tilbakemelding**

Respondent 6 føler at det har vore tilfeller der det kunne vorte gjeve tilbakemelding om innsatsen ikkje hadde svart til forventingane eller motivet.

## **Heilårleg kontra eventbasert frivilligheit**

Respondent 6 har ikkje sjølv erfaring med eventbasert frivilligheit, men har eit inntrykk av dette gjennom kjente. Inntrykket er at å vær frivillig på festival er veldig kjekt og bra for å sjå resten av festivalen, men at det ikkje vert så stort fokus på det sosiale dersom det er motivet for innsatsen. Kortvarig engasjement har lettare for å halda på motivasjonen, medan heilårleg innsats gjev deg mykje meir tid til å verta kjent med dei andre og verta ein del av organisasjonen. Også Respondent 6 meiner at organisasjonen må verta flinkare på PR og reklamering for enkeltevent, noko dei kan læra frå festivalar. Studenttorg og liknande kan fort verta vanskeleg å nå gjennom til alle og verta ein i mengda på ein tidspunkt der studentar er opptatte med mykje og kanskje ikkje får med seg alt.

## Diverse

Grundig opplæring og kursing er viktig for at dei frivillige skal handtera oppgåva riktig, samtidig er det nødvendig at organisasjonen tek tak i situasjonar i etterkant og evaluerar saman med dei aktuelle frivillige. Som vert får respondenten og vertlaget kun lov til å snakka til kundane som skal kastast ut eller gjevast skjenkestopp, og ikkje utøva nokon form for fysisk makt. Både Respondent 4 og 6 nemner Taxi-ordninga som organisasjonen har laga for sine frivillige. Dette inneber at dei frivillige skal kunna ta taxi heim etter vakt og få tilbake pengane dersom dei skriv skjema med kvitteringar i etterkant. Eit slikt tiltak viser at organisasjonen tenker på sikkerheita til sine frivillige i følge Respondent 4 og 6, og er veldig positivt. Dessutan har dei stengemøter etter kvar vakt der både bar og vert går gjennom kva som har skjedd den dagen og kan føra opp situasjonar eller enkelte kundar til ettertida. Igjen viser ein grad av evaluering at organisasjonen ønsker å vera i forkant av potensielle problem og viser til sine frivillige at dei bryr seg om sikkerheit og trivsel.

### 4.1.3 Ansvarleg for frivillige i eventbasert kulturorganisasjon

Eg har utført eit dybdeintervju med frivillegansvarleg for ein festival i Bergen kalla Bergenfest. Dette gjev ein god samanlikning med kva som motiverar dei frivillige på eventbaserte arrangement og som gjev meg mogleik til å trekke parallellar og ulikheit fram i drøftinga.

For å få eit så godt samanlikningsgrunnlag som mogleg med Respondent 1 og 2 som eg ser på som liknande ansvarsområde som Respondent 7, men i heilårlege kulturorganisasjonar, nyttar eg same definisjonstabell som i kapittel 4.1.1 i analysen av respondenten.

Tabell 4.12 Definisjonstabell Respondent 7

	Kategori	Innhald
1	Bakgrunn og erfaring	All data som omhandlar bakgrunnen til respondenten
2	Organisasjon	All data som seier noko om t.d. organisasjonens storleik og tal på frivillige, handtering av dei frivillige som t.d. kontrakt og tilbakemelding/medarbeidarsamtalar
3	Rekruttering	All data som går på korleis organisasjonen rekrutterar nye frivillige



litt i underkant av 400 frivillige involvert i festivalen og opererer med grupperingar av dei frivillige med ansvarsområder. Dei 10 personane som står bak Bergenfest er tilsette i organisasjonen Bergen Live.

### **Rekruttering**

Sjølv om Bergenfest ikkje har nokon automatikk i å prioritera frivillige som har vore med før, har dei eit skjema før festivalen der dei spør om den frivillige har delteke før og kva område ein var delaktig på og enkelte oppgåver vert berre overlate til frivillige som har erfaring. Dessutan har festivalen områder som ikkje vert handtert av frivillige og som krever profesjonelle aktørar, t.d. produksjon og lyd-/lysteknikk.

### **Motivasjon og motiv**

Respondent 7 svarar på spørsmålet om motivasjon av frivillige, at den viktigaste og mest prioriterte faktoren for motivasjon av deira frivillig er goder for dei frivillige som gratis inngang på festivalen. Dette står i motsetning til kva Elstad (1997) og sjølvstyreteorien konkluderar med, men er noko som erfaringsmessigt fungerer både som motivasjon og rekruttering av frivillige for Bergenfest sin del. Profileringa av festivalen hevdar Respondent 7 speglar kva målgruppe deira typiske frivillige er:

*”Jeg tror at kanskje en av de største motivasjonsfaktorene er at folk får tilgang til festivalen, får festivalpass. En annen ting som vi har sett litt i de siste årene, er at folk ønsker å ha erfaringen å putte på CV-en. Vi får yngre og yngre og yngre frivillige, den typiske frivillige hos oss er en jente på et par og tyve år. Det er den stereotypiske som søker til oss. Og det igjen tror jeg har med programmeringen vår å gjøre, vi har blitt litt yngre i profil og sånne ting.”*

Sjølv om Bergenfest har mange gode erfaringar med frivillige, seier respondenten at dei har vurdert å senda ut evalueringsskjema til dei frivillige etter enda festival. Med tanke på at Bergen Live også arrangerar konsertar heile året i tillegg til Bergenfest, går tida fort allereie dagen etter festivalen er ferdig og dette er dermed ikkje noko som har vorte prioritert på dette tidspunktet. Dei har også gruppeleiarar som får tilbakemeldingar undervegs i festivalen frå dei frivillige, både positive og konstruktive.

## Demotivasjon

Bergenfest har ikkje opplevd noko særleg form for demotivasjon i områdene dei frivillige innehar, og Respondent 7 seier at dette er noko som kjem både av at engasjementet er svært kortvarig og forventningane og kravet før godene er tydelege på førehand. Dette speglar også kva som kjem fram i dei andre intervjua i oppgåva. Derimot seier respondenten at enkelte ansvarsområder motiverar kanskje mindre enn andre, og kan opplevast som kjedelege. Dei prøver derfor å ha enkelte ansvarlige som går rundt og motiverar undervegs i festivalen og at dei prøver å rullera på oppgåvene.

## Heilårleg kontra eventbasert frivilligheit

På spørsmålet om forskjellen mellom festival og ein heilårleg kulturorganisasjon og deira handtering, rekruttering og motivasjon av frivillige, svarar Respondent 7 at han trur desse to områda er så langt frå kvarandre at det er vanskeleg å samanlikna og trekka parallellar. Han nemner at ein heilårleg kulturorganisasjon kan ha større utfordringar rundt motivasjon då lengda på engasjementet er mykje lengre og krev meir involvering, men at ein derfor også kan få frivillige som brenner meir for oppgåva og er meir engasjerte. På oppfølgingsspørsmål om dette er noko han meiner er negativt for ein festival, svarar han at dei som regel finn personar som står fram og tek ansvar dersom det er nødvendig og at dei fleste oppgåvene vert handtert på ein tilfredsstillande måte av dei frivillige som er der for godene.

## 4.2 Motivasjon av frivillige

*”Den frivillige organisation står og falder med den enkeltes motivation. Hvis man når som helst kan gå sin vej uden anden konsekvens, end at man går glip af en koncert, må selve lysten til at være med og en del af fællesskabet i sig selv være drivkraften” (Jensen 2014 s.136)*

Intervju med dei frivillige i heilårlege kulturorganisasjonar viser ein auke i motivasjon ved ansvarlegging og inkludering i organisasjonen. Dette samsvarar med sjølvstyreteorien trukke fram i teorikapitlet 2.4. Denne viser til at autonom motivasjon fører til motivasjon i ein organisasjon ettersom indre motivasjon er meir verd og meir langvarig enn den kontrollerte

eksterne motivasjonen. Dersom ein ser på dei kategoriske funksjonane framstilt i tabell 2.4, i kapittel 2.5, viser det seg at respondent 3 – 6 viser ein overvekt av sosial, karriere og forståing. Etersom denne typen innsats er ein opplevingsbasert og personleg utviklingsinnsats, er det meir naturleg at desse kategoriane stiller sterkare enn til dømes verdier og utvikling. I intervjuet med Respondent 7 vert gratis inngang trekt fram som den viktigaste motivasjonen av deira eventbaserte frivillige.

Motivasjon kan seiast å vera ein prosess i den frivillige sine tankar der innsats vert vurdert opp mot forholdet mellom kva ein legg i det og kva ein får igjen. Atkinson og McClelland har framstilt ein teori om todelt grunnlag for motivasjon kalla "prestasjonsmotivasjonsmodellen" ("achievement motivation"). Denne modellen definerar motivasjon for handling som ein dualitet mellom tendensen til å oppnå suksess og tendensen til å unngå nederlag, summen av desse to tendensane gjer altså opp totalen av motivasjonen for handling (McClelland, Atkinson, Clark & Lowell 1953; Atkinson 1964; Atkinson & Jones 1965; Atkinson & Feather 1966). Det er med denne modellen ein kan drøfta kva motivasjonsfaktorar og frivilleggoder som gjer ein jobb verdt det om den frivillige vurderar innsatsen som meir krevande enn tilfredsstillande. Dette forholdet er noko eg meiner er viktig å fokusere på når ein motiverar, og som kan være grunnlag for å halda fram med eller avslutte engasjementet.

Motivasjon kan byrja med sosialt samvære, halda fram med gratis konsert og verta avslutta med mogleik for vidare jobb eller som punkt på CV-en. Det er også naturleg å konkludera med at ein enkelt, isolert motivasjon for frivillig innsats ikkje forklarar nok. Det viser seg som oftast i rapportar og undersøking av frivillig innsats at ein kombinasjon er røyndomen. I intervjuet med dei frivillige kjem det også fram at dei ikkje legg stor vekt på dei fysiske godene dei har fått for innsatsen, men at dei nyttar desse fordi det er eit praktisk tillegg.

I datainnsamlinga til denne oppgåva vert fleire faktorar trekt fram av dei frivillige og leiarar av frivillige som motivasjon. Den største faktoren som ser ut til å motivera dei frivillige, er kjensla av å bidra og sosialt samvære. Frivillig arbeid skil seg frå vanleg arbeid då det ikkje vert ført timar for betaling, og løn ikkje er ein faktor. Å koma saman med likesinna og få dela opplevingar med potensielt nye vener eller tidlegare kjente verkar å vera ein viktig drivkraft, særleg som får frivillige til å stilla opp som frivillig gjentekne gongar. Innan kulturen og

musikkarrangement er kjensla av å bidra like viktig som det sosiale samværet, særleg når ein flyttar til ein ny by eller har behov for å koma i kontakt med likesinna.

Spesielt på mindre plassar eller i områder der det trengs innsats for å kunna ha eit tilbod, vert innsatsen viktig. Ei eldsjel eller gruppe med likesinna sin innsats kan bety eit kulturtilbod i lokalmiljøet. Musikkmiljøet er full av tilfeller der små festivalar dukkar opp etter ynskje om eit arrangement fører til frivillig innsats og kan i fleire samanhengar bety byrjinga på noko større. Som vist til i det teoretiske rammeverket, kan ein snakka om to typar motivasjon for arbeid; Autonom og kontrollert. Autonom motivasjon er den indre motiverte, sjølvstyrte motivasjonen som får ein til å villa utføra ei oppgåva. Den kontrollerte motivasjonen er den ytre motiverte (straff/løn) motivasjonen som handlar om å utføre ei oppgåve for belønninga eller straffa sin del. Kuvaas (2005) viser til at i arbeidslivet vil reindyrka ytre motivasjon tilsei situasjonar der ein utfører jobben utelukkande for å oppnå ytre belønningar som løn, bonus, frynsegoder eller forfremming. Kjelda til motivasjonen ligg med andre ord utanfor det å utføre jobbaktiviteten og er i staden knytt til resultatet som følger av den. Dette hevdar Deci & Ryan (2000) er motivasjon som berre fungerer i kortvarige engasjement då fokuset flyttast frå oppgåva og den som utfører den som regel vel kortaste veg til målet utan å visa initiativ eller forståing av oppgåva. Som Respondent 5 og 6 viser til, har det å få ansvar ført til at dei trives meir og vert meir motivert til innsatsen, og at autonom motivasjon har vore ein mykje større faktor for enn kontrollert motivasjon for desse.

### **4.3 Leiing av frivillige**

I datamaterialet frå Respondent 1 og 2 er det mest fokus på leiing i form av inkludering og kommunikasjon med sine frivillige, og tilrettelegging av eit miljø som oppfordrar til engasjement. Respondentane har oversikt over kva sine frivillige treng og krev etter fleire års erfaring og prøve-og-feile-metodar. Begge svarar dei at dei ikkje nyttar nokon form for teori i handteringa av dei frivillige. Dette understrekar nok ein gong kor stor vekt organisasjonane legg på erfaringsbasert leiing i rekrutteringa og dagleg handtering av dei frivillige. Ein leiar av frivillige si viktigaste rolle handlar om tilrettelegging, frå rekruttering til gjennomføring. Kapittel 5.2 drøftar eg vidare om erfaringsbasert leiing er riktig og nok på dette området.

Å gjennomføre undersøkingar av og medarbeidarsamtalar med sine frivillige verkar å stå sterkt som tradisjon i dei undersøkte kulturorganisasjonane. Tilbakemeldingane kan koma i mange formar og med ulik hyppigheit, men med tilbakemeldingar kan organisasjonen kontinuerlig forbetra si rolle i leiinga. Respondent 3 - 6 verkar å trekke fram medarbeidarsamtalar samt undersøkingar frå organisasjonen som positive tilbakemeldingsplattformar og god kommunikasjon som ein viktig motivasjonsfaktor. Det er derimot ein respondent som melder om at tilbakemeldinga ikkje vart gjort noko med og respondenten følte etter ein alvorleg hending i innsatsen at tilbakemeldinga ikkje fekk nokon konsekvens. Dette er eit veldig tydeleg eksempel på noko som kan føra til demotivasjon og fleire slike hendingar kan fort bety at den frivillige avsluttar engasjementet. Å leggja til rette for å plukka opp alle typar situasjonar og bearbeida informasjonen for å læra og gjera det betre seinare er ein grunnpillars i all leiing, ikkje berre ved frivillig arbeid.

Respondent 4 og 6 nemner at Hulen opererar med semesterplanar for arbeidet som positive trekk ved engasjementet. Dette gjer forutsigbarheita veldig god og gjer det enkelt å planlegge rundt innsatsen. Respondent 1, 2 og 7 er sjølve leiarar og ansvarlige for frivillige i sine organisasjonar, og trekk også fram at forutsigbarheit og god planlegging er den viktigaste faktoren for at deira verksemd går rundt. Både Respondent 1 og 2 nemner at kontraktar er noko organisasjonen nyttar både som kontaktregister og for å formalisera innsatsen, medan Respondent 7 seier at kontrakt er noko dei har vurdert, men ikkje fått implementert heilt enno.



## 5. Drøfting

I dette kapitlet vert datainnsamlinga, analysen og det teoretiske rammeverket sett saman for å drøfta kva resultat som har komen fram av undersøkinga og utredinga, og kva desse resultata moglegvis kan nyttast til. Det vert også trekt fram kva som kunne vore gjort annleis og kva som vert vurdert som manglande i datainnsamlinga og empirien.

### 5.1 Kva styrkjer motivasjonen hjå heilårlege frivillige?

Motivasjon er eit omfattande tema, særleg i samband med frivillige som gjev av sin tid utan direkte lønn for arbeidet. Kva som motiverar ein frivillig kan være ulikt frå person til person, og kan endra seg i løpet av den frivillige sitt engasjement. Sjølv om motivasjon må sjåast på eit individuelt nivå, er det viktig for ein organisasjon å leggja opp rutinar for den kollektive motivasjonen i tillegg til den individuelle.

Å motivera ein frivillig er ikkje så ulikt å motivera ein vanleg arbeidstakar i den forstand at det handlar om å sjå individet og leggja til rette for eit godt arbeidsmiljø med gode rutinar og tydeleg kommunikasjon. I dei fleste samanhengar vil ein frivillig også ha sine forventningar til arbeidet og kva dette inneber. Så lenge desse forventningane stemmer nokolunde overeins med kva organisasjonen har lagt opp til og informert om på førehand, vil ein frivillig gjera jobben tilfredsstillande.

Autonom motivasjon av sine frivillige er kva ein heilårleg organisasjon får mest igjen for i det lange løp. Dersom ein frivillig er ute etter kontrollert motivasjon som ekstern stimuli, er det som regel eit kortfatta engasjement. Her står skiljet mellom eventbasert frivilligheit og heilårleg frivilligheit sterkast, då eventbasert frivilligheit har råd til å leggja meir fokus på goder og kontrollert motivasjon enn heilårlege organisasjonar. Her er også skiljet mellom kortvarig innsats og langvarig innsats viktig, då frivillige som sit i styret eller arrangerar har meir involvering gjennom året enn dei som kun er med i gjennomføringa.

Dersom ein trekk linjer mellom teorien og empirien i oppgåva, kjem det fram at dei mest motiverte frivillige får ein ved inkludering i organisasjonen og ved å leggja opp til god kommunikasjon og tilbakemeldingsmogleikar for dei frivillige. For å halda på motivasjonen over tid, er inkludering og ansvarsdeling noko som verkar hjå studentorganisasjonar.

## 5.2 Leiing som motivasjon

I intervju med respondent 1 og 2 kjem det fram at leiinga av frivillige ofte baserar seg på erfaringar og lite teori. Eg vil med dette stille spørsmål ved om erfaringsbasert leiing er bra nok og at manglande bruk av forskning og teoretisk grunnlag for å motivere frivillige ikkje er riktig. Dette er ikkje for å seie at organisasjonane som er undersøkt i oppgåva, Det Akademiske Kvarteret og Hulen i Bergen ikkje leiar sine frivillige på ein god måte og skapar engasjement, men for å påpeike ein negativ trend og ein mogleg forklaring på vanskar med motivasjon av frivillige og rekruttering i periodar. Det er likevel vanskeleg å kritisere erfaringsbasert leiing med tanke på at teori og forskning på feltet verkar å vere mangelfull.

Sjølvestyreteorien viser til at autonom motivasjon vert oppnådd ved at individet vert motivert av valfriheit og indre ynskje om å utføre oppgåva. Ein leiars jobb er å skapa eit arbeidsmiljø der arbeidarane er i stand til å motivera seg sjølv. Det følgjande sitatet er frå Edward L. Deci om autonom motivasjon:

*”Denne typen motivasjon gjør at vi blir mer utholdende, mer fleksible og kreative, vi er interesserte i oppgaven og liker det vi gjør. Vi trives bedre, den psykiske helsen vår blir bedre og vi utvikler til og med bedre relasjoner til folk rundt oss. Vi leverer dessuten bedre resultater når vi skal løse oppgaver der vi må bedrive selvstendig problemløsning underveis. Hvilket innbefatter de fleste oppgavene i dagens arbeidsliv.”*

*(Myklemyr 2012)*

Som vist til i kapittel 2.4 og 2.4.1, nyttast kontrollert motivasjon til å motivera individet med forpliktingar, stress og kontroll, gjerne med ekstern stimuli. Dette kan hjelpa med å løysa rigide, rutinemessige eller trinnvise oppgåver betre, men fører også til at ein vert meir rigid i

tankesettet, opplever meir stress, trives dårlegare, og får svekka relasjonar med dei andre arbeidarane. Dessutan fører eit fokus på ekstern belønning og kontrollert motivasjon til at ein tek kjappaste veg mot målet og belønninga i seg sjølv vert drivkrafta. Eit arbeidsmiljø med slik motivasjon får svekka fokus på arbeidsoppgåva og meir fokus på belønning. Ifølge Deci har fleire studiar vist at eksterne faktorar som truslar om straff, tidsfristar, evaluering og konkurranse har hatt negativ effekt på motivasjonen (Myklemyr 2012).

Deci listar også opp 5 punkt ein leiar kan nytta i arbeidet med å skapa støttande arbeidsmiljø:

- Prøv å sjå oppgåva frå medarbeidarens perspektiv
- Gjer kva du kan for å oppmuntra arbeidarane til å ta initiativ og ansvar
- Tilby valmogleikar av oppgåver
- Formidla kvifor oppgåva skal gjerast
- Gje positive og konstruktive tilbakemeldingar

Å imøtekoma desse punkta som leiar bidreg til å støtta opp dei grunnleggjande psykologiske behova hjå eit individ som står sterkt i autonom motivasjon; følelsen av kompetanse i arbeidet, autonomi og relasjon til andre på arbeidsplassen.

Då den frivillige sine motivasjonar ved oppstart er individuelle og kan være fleire om gongen, er det viktig for den autonome motivasjonen at den frivillige er i ei stilling der motivet kan oppfyllest. Som nemnd tidlegare kan også motivasjonen til den frivillige endra seg undervegs i engasjementet, og leiaren har dermed ei ekstra utfordring i å avdekka motivasjonen undervegs.

Dersom ein som leiar av frivillige legg opp til autonom motivasjon, får ein sjølvstyrte frivillige som tek initiativ, ansvar og arbeidsoppgåvene på alvor for å tilfredsstilla indre behov. Dersom ein som leiar av frivillige legg opp til kontrollert motivasjon, får ein frivillige som utfører arbeidsoppgåva for belønninga sin del, og som mest sannsynleg ikkje tek ansvar eller initiativ. Det er sjølv sagt mogleg å legge opp til ein kombinasjon av både autonom og kontrollert motivasjon i ei og same arbeidsoppgåve, og ein vil kunne skilje mellom områder innanfor same organisasjon som kan motiverast ulikt. Storleiken på arrangementet kan også verka

motiverande eller demotiverande på enkelte frivillige, då store arrangement som til dømes Roskilde Festival har andre krav og goder enn den lokale musikkfestivalen på bygda.

I ein heilårleg kulturorganisasjon kan ein argumentera med at det er meir ynskjeleg med autonom motivasjon då dei frivillige skal utføra fleire oppgåver over lengre tid som kan opplevast som krevande. Det kan tenkast at kontrollert motivasjon ikkje vil opplevast som nok, då godene for å utføra arbeidet ikkje alltid er store nok til å rettferdiggjera den frivillige innsatsen aleine.

*”Du trenger ikke å motivere folk for at de skal vokse og jobbe effektivt. Du må imidlertid tilby dem den næringen de trenger for å gjøre det som er naturlig for dem. De trenger å føle at de har kompetanse, mulighet for selvbestemmelse og relasjoner til andre mennesker. Ledere bør jobbe for å skape arbeidsforhold hvor medarbeiderne føler at de har det slik. Klarer du det, får du motiverte medarbeidere. Får de ikke denne støtten, reduseres motivasjonen.” (Myklemyr 2012)*

Også andre områder enn kultur er opptatt av leiing som motivasjon. Etter ein undersøking av 3000 norske leiarar, definerar eit stort fleirtal av desse seg som ”motivasjonsleiarar”. Dette vil seie leiarar som fokuserar på indre motivasjon hjå sine tilsette framfor ekstern motivasjon (autonom motivasjon). Motsetnaden til dette vert kalla ”transaksjonsleiarar”, der fokuset ligg på handling og belønning (kontrollert motivasjon). Også her vert Deci og Ryan sin sjølvstyreteori dratt fram for å forklare kva forhold på jobben som fremmar indre motivasjon. (Matthiesen 2015).

### **5.3 Ulikheitar mellom festival og heilårleg**

Det kjem fram frå empirien og litteraturen at det er ulikheitar mellom heilårlege og eventbaserte organisasjonar når det kjem til handtering, rekruttering, leiing og motivering av frivillige. Særleg kva som motiverar ved oppstart og kva som får ein frivillig til å halda fram som frivillig er ulikt. Også lengda på engasjementet og inkludering i organisasjonen er svært ulikt.

Ein heilårleg kulturorganisasjon har eventar og hendingar gjennom heile året, og fører til eit mykje lengre og innhaldsrikt engasjement for den frivillige. Ein får betre tid til å nytta godene ved innsatsen, samtidig som det sosiale ved engasjementet vert forsterka. Slik får organisasjonen også dei frivillige til å halda fram over fleire semester, noko dei er svært avhengige av i drifta særleg i starten av semestera. Som både Respondent 1 og Respondent 2 seier i intervjuet, er det dei vedvarande frivillige som gjer den største jobben og held oppe drifta med sin kunnskap og erfaring i byrjinga av semester. Så frivillige som held fram over fleire år er svært viktig for organisasjonen, og ansvarshandtering og inkludering i organisasjonen verkar til å hjelpe mest til dette. Dersom den frivillige legg fokus på goder som motivasjon, har heilårlege organisasjonar større utfordringar i å motivera sine frivillige.

Ein festival har sin store styrke i den konsentrerte gjennomføringa og den korte tida kvar frivillig er engasjert. Ein frivillig er normalt engasjert i 1-2 dagar for å få sine goder, som vanlegvis er å delta på festivalens andre dagar. Dette korte engasjementet kan hjelpa på til å halda motivasjonen oppe og gjer også arbeid rundt PR og reklamering enklare for dei frivillige enn i heilårlege organisasjonar. I Roskilde Festival skal ein frivillig på alle områder arbeide til saman 32 timar for å få festivalpass, uansett kva denne frivillige gjer eller kva bedrift hen jobbar for under festivalen (Jensen 2014). Dette fører også til at Roskilde sikrar seg at den frivillige faktisk bidreg, utan å kunna "utnytta" godene utan å bidra. I festivalar er det dei siste åra vorte meir profesjonalisert i planlegginga og i styret som sit bak, særleg i dei større festivalane. Dette kjem som ein reaksjon på det store arbeidet som trengs gjennom heile året for å leggja planar og spesielt i artistbookinga opp mot artistar og management. Dette betyr at dei som planlegger er tilsette og har festivalen som lønna arbeid, medan dei områda som krev frivillige er konsentrert rundt sjølve gjennomføringa.

## **5.4 Kva motiverar ikkje?**

Respondent 3, 4, 5 og 6 trekk alle fram faktorar som kan føra til demotivasjon i den frivillige innsatsen. Stressfaktorar som seine arbeidstider med søvnproblem, ansvar for differanse i oppgjeret, arbeid med andre enn dei frivillige ein vanlegvis jobbar med eller andre frivillige som ikkje er motiverte, samt situasjonar som ikkje vert teken tak i av organisasjonen.

Som nemnd tidlegare, viser Elstad (1997) til at dei frivillige ved Kongsberg Jazzfestival ikkje vart motiverte av eksterne faktorar og motiv på langt nær så mykje som dei indre motiva og faktorane.

Deci og Ryan hevdar som nemnd i kapittel 2.4 at kontrollert motivasjon verkar mot sin hensikt i det lange løp. I studiar utført av Deci, der studentar fekk ei oppgåve å løyse og ei gruppe fekk belønning og ei ikkje, viser studia at gruppa som får belønning fokuserar meir på å verta ferdig med arbeidet enn sjølv oppgåva (Myklemyr 2012). Å leggja fokuset på kontrollert motivasjon hjelp til motivasjon av rigide oppgåver, og ikkje til kreativ problemløysing og initiativtaking. Der ein festival med 400 frivillige og svært avgrensa ressursar i planlegginga og gjennomføringa kan fokusere på kontrollert motivasjon ettersom det er dette dei frivillige verka å ynskje, må ein heilårleg kulturorganisasjon fokusere meir på den autonome motivasjonen for at dei frivillige skal halda fram over tid og halda på motivasjonen.

## **5.5 Kva manglar?**

I dette delkapittelet vil eg drøfta kva eg ville gjort annleis eller endra ved oppgåva dersom den hadde vorte gjort igjen.

Eg skulle veldig gjerne hatt ein større respondentmengde og betre tid på kvar respondent. Desto meir i dybden ein går i ein eksplorerande undersøking, desto meir ressursar krev undersøkinga og desto fleire utfordringar og kompromiss vert nødvendig i forskinga. Dette er ikkje ideelt, men som regel eit nødvendig onde på grunn av manglande ressursar og tid.

## 6. Konklusjon

Kapittel 5 har drøfta empiri og teori for å prøve å svare på problemstillinga som vert stilt som utgangspunkt for oppgåva i kapittel 1.2. Dette kapitlet vil ta for seg mine konklusjonar på området etter undersøkinga, analysen av datamaterialet og teorien på feltet generelt. Til slutt vil eg kartleggje kva eg ser for meg kan gjerast vidare i etterkant av undersøkinga, kva interessante fenomen og linkar eg har sett i undersøkinga som eg ikkje har fått gått nærare inn på, og kva som bør gjerast for å styrkje feltet og organisasjonane som handterer heilårlege frivillige innan kultur.

### 6.1 Teori, empiri og drøfting

#### Motivasjon før og ved oppstart

Dersom den frivillige opplev at aktiviteten oppfyller motivet for oppstart av engasjementet, har den frivillige større grunn til å verta nøgd med engasjementet og dermed halda fram som frivillig.

#### Motivasjonsfaktor

Dei fleste organisasjonar med frivilligheit nyttar goder som motivasjon. Den nettbaserte undersøkinga og fleire rapportar frå Senter for Forskning på Sivilsamfunn og Frivillig sektor viser at fleire frivillige vel å engasjera seg på grunn av sosialt samvær, ynskje om å bidra i lokalsamfunnet og på grunn av ein interesse for feltet. Elstad (1997) konkluderar også i sin undersøking at frivillige ved Kongsberg Jazzfestival er meir indremotiverte enn ytremotiverte. Det er vanleg at ein frivillig har fleire enn eitt motiv og dermed vert motivert av ulike ting på ein gong. Ein kan både ha eit ynskje om sosialt samvær og sjølvrealisering, samtidig som ein ynskjer gratis festivalpass eller konsert. Dette er også noko som går på undersøking av den frivillige sine motiv ved oppstart, for å ha ei forståing av kva den frivillige ynskjer med sitt engasjement. Fokuset i ein heilårleg kulturorganisasjon bør ligga rundt autonom motivasjon og tilrettelegging av arbeidsmiljøet og oppgåver for å skapa indremotiverte situasjonar.

### **Frivillige som arbeidskraft**

Det er viktig for ein organisasjon å ikkje gå i fella ved å tenka at frivillige kan sjåast på som annan arbeidskraft. Ein festival med for mange søkarar på frivillig arbeid og som må takka nei til folk som ynskjer å bidra, har lett for å forventast slik pågang kvart år og dermed behandla sine frivillige som vanlege arbeidstakarar. Det er viktig å minna seg sjølv på at dette er personar som gjev av sin tid frivillig, og som må motiverast til sin innsats som om dei var essensielle for drifta. Det er vanskeleg å sjå for seg eit profesjonalisert kulturfelt med berre profesjonelle aktørar og arbeidskraft.

### **Kommunikasjon og god leiing**

Leiinga av frivillige handlar i stor grad om å leggja til rette for eit godt miljø der all informasjon vert formidla på ein klar og tydeleg måte som gjer dei frivillige trygge på si oppgåve og sitt engasjement. Gode førebuingar av dei frivillige er essensielt, og for dei heilårlege frivillige vert jamnleg kommunikasjon og tilbakemeldingar viktig for at alle skal være på same bølgelengde. Motivasjon handlar som sjølvstyreteorien påpeikar ikkje om å motivere dei frivillige, men å tilrettelegge for situasjonar og oppgåver der den frivillige kan motivera seg sjølv.

### **Eigarskap**

Eigarskap til arrangementet eller organisasjonen er ein viktig faktor både for leiing og motivasjon hjå den frivillige. God leiarskap handlar om å henta ut det beste frå alle dei involverte, og den ansvarlege for frivillige ved eventbasert frivilligheit (Respondent 7) viser til at enkelte frivillige verkeleg står fram og tek sin del av ansvaret når det vert krevd av dei, ofte meir enn forventast. Dette er noko som viser forskjellen mellom ein frivillig og ein tilsett, at den frivillige i utgangspunktet står på utsida av organisasjonen og treng ein større inkludering i arbeidet. Det er viktig å halda fokus på inkludering og deltaking i organisasjonen, for å leggja opp til autonom motivasjon og skapa eit godt arbeidsmiljø for dei frivillige.

### **Eventbasert og heilårleg**

Til tross for ulikheitar i goder og engasjement, handlar motivasjon om kva som motiverar den individuelle frivillige. Det er derfor mogleg å trekka parallellar mellom eventbaserte og heilårlege frivillige, sjølv om motivasjon ved oppstart og engasjementet kan være ulikt. Som nemnd tidlegare er fokuset på autonom eller kontrollert motivasjon ein stor ulikheit mellom



eventbasert og heilårleg frivillig innsats, og legg grunnlaget for at leiinga av frivillige er noko ulikt mellom desse organisasjonane.

## 6.2 Vidare arbeid

Ein viktig del av denne masteroppgåva har vore å belysa kva som motiverar ein frivillig ved ein heilårleg kulturorganisasjon og kva ein som leiar bør fokusera på for å halda på denne motivasjonen over tid. Spesielt interessant er forskinga på kva som skil heilårlege frivillige frå eventbaserte frivillige innan kulturfeltet, slik at ein kan utarbeida betre teoriar på feltet anna enn rein erfaringsbasert vitskap. Grunnen til at dette er viktig er for å kutta ned på "prøve-og-feile" metodane som vert nytta spesielt i nyoppstarta kulturorganisasjonar.

Meir empiri på frivillige er alltid nyttig, og vil gjer vidare forskning enno meir nøyaktig og omfattande. Å forska på dei same frivillige over tid kan også gje eit større innblikk i motivasjon og korleis denne endrar seg etter kva livssituasjon ein er i m.m. Det oppfordrast til å samle meir empiri rundt motivasjon av frivillige, også i samband med leiing. Det kunne dessutan vore interessant å gjennomført den same undersøkinga i andre kulturorganisasjonar for å sjå om ein ville fått same resultat (auka generalisering). Å forska vidare på denne problemstillinga, vil hjelpa på falsifiseringa eller verifiseringa av samanhengen mellom motivasjon hjå den frivillige, ynskje om å slutta som frivillig og kor vidt teoriar kan føreseie dette.

Det skulle også vore interessant å gjennomført same intervjuguiden på liknande organisasjonar i andre byar i Noreg. Dette for å kunna samanlikna meir direkte for å sjå om det er trendar og ulikheitar frå by til by på dette kulturområdet. Som nemnd i bakgrunnen for oppgåva er Bergen sett på både av seg sjølv og internasjonalt som ein Kulturby, og det vil dermed ligga visse føresetnadar og forventingar knytt til dette. Desse forventningane og føresetnadane kan og vil vær ulike i andre byar både i Noreg og i andre land.

# Litteratur

- Aars, J., Nordø, Å.D., Wollebæk, D. & Christensen, D.A. (2011). Ung frivillighet i Norge; endring og kontinuitet i unges frivillige engasjement 1998-2009 (*rapport frå Senter for Forskning på Sivilsamfunn og Frivillig sektor*)
- Atkinson, J.W. (1964). An Introduction to Motivation (*Van Nostrand Company*)
- Atkinson, J.W. & Jones, M.R. (1965). Human motivation; a symposium (*University of Nebraska Press*)
- Atkinson, J.W. & Feather, N.T. (1966). A Theory of Achievement Motivation (*John Wiley and Sons*)
- Barker, C. (2012). Cultural studies; theory and practice (*4.utgåve, Sage publication*)
- Bilton, C. (2007). Management and creativity; from creative industries to creative management (*Blackwell publishing*)
- Berthelsen, E. & Drevland, A. (2009). There´s gonna be some rockin´; rekruttering og motivasjon av frivillige, håndbok for konsertarrangører. (*2.utgåve, Norsk Rockforbund*)
- Brinkmann, S. & Kvale, S. (2015a). Det kvalitative forskningsintervju (*3.utgåve, Gyldendal akademisk*)
- Brinkmann, S. & Kvale, S. (2015b). Interviews; learning the craft of qualitative research interviewing (*3.utgåve, Sage publications*)
- Clary, E.G., Snyder, M., Ridge, R.D., Copeland, J., Stukas, A.A., Haugen, J., & Miene, P. (1998). Understanding and assessing the motivations of volunteers; A functional approach. (*Journal of Personality and Social Psychology, volum 74, s.1516–1530*)
- Clary, E.G. & Snyder, M. (1999). The motivations to volunteer; theoretical and practical considerations. (*Current Directions in Psychological Science, volum 8, s.156-159*)
- Deci, E.L. (1971). Effects of externally mediated rewards on intrinsic motivation. (*Journal of Personality and Social Psychology. Volum 18, s.105–115*)
- Deci, E.L. & Flaste, R. (1996). Why We Do What We Do; Understanding Self-Motivation (*Penguin Books*)
- Deci, E.L. & Ryan, R.M. (1985). Intrinsic motivation and self-determination in human behavior (*Plenum*)
- Deci, E.L. & Ryan, R.M. (1995). Human autonomy; The basis for true self-esteem. (*i Kernis, M. (1995). Efficacy, agency, and self-esteem s.31–49, Springer US*)

- Deci, E.L. & Ryan, R.M. (2000). Self-determination theory and the facilitation of intrinsic motivation, social development, and well-being. (*American psychologist, volum 55, s.68-78*)
- Deci, E.L. & Ryan, R.M. (2002). Handbook of self-determination research. (*University Rochester Press*)
- Elstad, B. (1997). Organisering og ledelse av frivillige; en studie av Kongsberg Jazzfestival. (*Arbeidsnotat nr. 47/1997. Høgskolen i Lillehammer.*)
- Elstad, B. & De Paoli, D (2014). Organisasjon og ledelse av kunst og kultur (*Cappelen Damm*)
- Folkestad, B., Christensen, D.A., Strømsnes, K. & Selle, P. (2015). Frivillig innsats i Noreg 1998-2014; Kva kjenneteikner dei frivillige og kva har endra seg? (*rapport frå Senter for Forskning på Sivilsamfunn og Frivillig sektor*)
- Gagné, M. & Deci, E.L. (2005). Self-determination theory and work motivation (*Journal of Organizational behavior, volum 26, s.331-362*)
- Heitmann, J.H. & Selle, P. (1999). Frivillige organisasjoner; fornyelse, vekst og utvikling (*Høyskoleforlaget AS*)
- Jacobsen, D.I (2015). Hvordan gjennomføre undersøkelser?; Innføring i samfunnsvitenskapelig metode (*3.utgåve, Cappelen Damm*)
- Jensen, I.K. (2014). Roskilde Festival; Ledelse af frivillige (*Gyldendal as*)
- Jensen, J.F. (1988). Det dobbelte kulturbegreb; den dobbelte bevidsthed (*i Hauge, H. & Horstebøl, H. (1988). Kulturbegrebets kulturhistorie (Aarhus Universitetsforlag)*)
- Kuvaas, B. (2005). Belønning og motivasjon; ytre og indre motivasjon som kilder til innsats og kvalitet i arbeidslivet. (*i Knudsen, K. & Ryen, A. (2005 s.29-51). Hvordan kan frynsegoder bli belønning? (Cappelen akademisk)*)
- Lochocki, T. (2010). Trends, Causes and Patterns of Young People's Civic Engagement in Western Democracies (*rapport frå Senter for Forskning på Sivilsamfunn og Frivillig sektor*)
- Lorentzen, H. (1994). Frivillighetens integrasjon (*Universitetsforlaget*)
- Lorentzen, H. (2004). Fellesskapets fundament; Sivilsamfunnet og individualismen (*Pax Forlag*)
- Markus, H.R., Kitayama, S., & Heiman, R.J. (1996). Culture and «basic» psychological principles. (*i Kruglanski, A.W. & Higgins, E.T (2007). Social psychology: Handbook of basic principles. (2.utgave, Guilford Press)*)

- McClelland, D. C., Atkinson, J. W., Clark, R. A., & Lowell, E. L. (1953). The achievement motive (*Appleton-Century-Crofts*)
- Nygård, R. (1975). A reconsideration of the achievement-motivation theory. (*Journal of Social Psychology, volum 5, s.61-92*)
- Pervin, L.A. & John, O.P. (1997). Personality; Theory and Research. (7.utgåve, *John Wiley & Sons. Inc. S*)
- Ringdal, K. (2001). Enhet og mangfold; samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode (*Fagbokforlaget*)
- Selle, P. (1996). Frivillige organisasjonar i nye omgjevnadar (*Alma Mater Forlag AS*)
- Selle, P. & Øymyr, B. (1995). Frivillig organisering og demokrati; det frivillige organisasjonssamfunnet endrar seg 1940-1990 (*Det Norske Samlaget*)
- Sivesind, K.H. (2007). Frivillig sektor i Norge 1997-2004; frivillig arbeid, sysselsetting og økonomi (rapport frå Institutt for Samfunnsforskning)
- Skaalvik, E.M. & Skaalvik, S (2009). Skolen som læringsarena; Selvoppfatning, motivasjon og læring (4.utgåve, *Universitetsforlaget*)
- Svedberg, L., von Essen, J. & Jegermalm, M. (2010). Svenskarnas engagemang är större än någonsin; Insatser i och utanför föreningslivet (*Rapport for Rikskansliet*)
- Sørensen, A.S, Høystad, O.M., Bjurström, E. & Vike, H. (2008). Nye Kulturstudier (*Spartacus Forlag AS*)
- Tjora, A. (2017). Kvalitative forskningsmetoder i praksis (3. utgåve, *Gyldendal Akademisk*)
- Wennes, G. (2007). Kunstledelse; Om ledelse av og i kunstneriske virksomheter (2.utgåve, *Abstrakt forlag*)
- Wollebæk, D., Selle, P. & Lorentzen, H. (2000). Frivillig innsats; Sosial integrasjon, demokrati og økonomi (*Fagbokforlaget*)
- Wollebæk, D. & Selle, P. (2002). Det nye organisasjonssamfunnet; demokrati i omforming (*Fagbokforlaget*)
- Wollebæk, D. & Sivesind, K.H. (2010). Fra folkebevegelse til filantropi?; Frivillig innsats i Norge 1997-2009 (rapport frå Senter for Forskning på Sivilsamfunn og Frivillig sektor)
- Wollebæk, D., Sætrang, S. & Fladmoe, A. (2015). Betingelser for frivillig innsats; Motivasjon og kontekst (rapport frå Senter for Forskning på Sivilsamfunn og Frivillig sektor)

## Internett

- Berg, O.T. (2014, 22.05.) – Organisasjon; *Store norske leksikon*. Henta frå <https://snl.no/organisasjon>
- Det Akademiske Kvarter (2017) – Om oss; *Det Akademiske Kvarter*. Henta frå <http://kvarteret.no/om-oss/kvarteret/>
- Ertesvåg, F. (2015, 07.04) – Foreldre betaler seg ut av frivillighet; *Verdens Gang*. Henta frå <http://www.vg.no/nyheter/innenriks/oppvekst/foreldre-betaler-seg-ut-av-frivillighet/a/23424004/>
- Europeisk Kulturby (2012, 20.09) – Europeisk Kulturby; *Store Norske Leksikon*. Henta frå [https://snl.no/europeisk\\_kulturby](https://snl.no/europeisk_kulturby)
- Jazzinorge (2012, 12.09) – Nødvendig Frivillighet; *JazziNorge*. Henta frå <http://jazzinorge.no/2012/09/12/nodvendig-frivillighet/>
- Klavenes, L. (2010, 21.06) – Nedgang i frivillig innsats; *forskning.no*. Henta frå <https://forskning.no/fritid-samfunnskunnskap/2010/06/nedgang-i-frivillig-innsats>
- Kroksæter, I. (2017, 01.03) – Vil du bli frivillig i Norsk Folkehjelp?; *Norsk Folkehjelp*. Henta frå <https://www.folkehjelp.no/Nyheter/Nyhetsarkiv/2017/Vil-du-bli-frivillig-i-Norsk-Folkehjelp>
- Langset, M. (2016, 17.11) – Frivillige utgjør 90.000 årsverk i eldreomsorgen; *Verdens Gang*. Henta frå <http://www.vg.no/nyheter/innenriks/eldre/frivillige-utgjoe-90-000-aarsverk-i-eldreomsorgen-behovet-bare-oeker/a/23847851/>
- Matthiesen, S.B. (2015, 04.05) – Ledelse av indre motivasjon; *Bi Business Review*. Henta frå <https://www.bi.no/forskning/business-review/articles/2015/05/ledelse-av-indre-motivasjon/>
- Myklemyr, A. (2012, 16.11) – Slik er motivasjonen vår skrudd sammen; *Dagens Perspektiv*. Henta frå <http://www.dagensperspektiv.no/slik-er-motivasjonen-vaar-skrudd-sammen>
- Norges Frivilligsentraler (2016, 06.12) – Retningslinjer for frivilligsentraler; *Norges Frivilligsentraler*. Henta frå <http://frivilligsentral.no/retningslinjer/>
- Norsk Jazzforum (2017) – Om organisasjonen; *Norsk Jazzforum*. Henta frå <http://jazzforum.jazzinorge.no/om-norsk-jazzforum/>
- Polger, T.W. (2017) – Functionalism; *Internet Encyclopedia of Philosophy*. Henta frå <http://www.iep.utm.edu/functionism/>
- Røde Kors (2017) – Bli Frivillig; *Røde Kors*. Henta frå <https://www.rodekors.no/bli-frivillig/>

Schølberg, U.G. (2014, 16.09) – Frivillig arbeid kan gi helseboost; *Verdens Gang*. Henta frå <http://www.vg.no/forbruker/helse/frivillig-arbeid-kan-gi-helseboost/a/23296668/>

Statistisk Sentralbyrå (2017, 12.10) - Satellittregnskap for ideelle og frivillige organisasjoner, 2015; *Statistisk Sentralbyrå*. Henta frå <https://ssb.no/orgsat>

Studenttorget (2016, 23.09) – Hulen: Nord-Europas eldste rockeklubb; *Studenttorget*. Henta frå <http://studenttorget.no/index.php?show=4680&artikkelid=2305>

Stulen, A.W. (2015, 16.02) – Vi er mer frivillige enn vi tror; *Aftenposten*. Henta frå <http://www.dagsavisen.no/kultur/vi-er-mer-frivillige-enn-vi-tror-1.316759>

Teigen, K.H. (2016, 08.12) – Motivasjon; *Store Norske Leksikon*. Henta frå <https://snl.no/motivasjon>

Tranøy, K.E. (2015, 12.05) – Intersubjektiv; *Store Norske Leksikon*. Henta frå <https://snl.no/intersubjektiv>

## Liste over vedlegg

1. NSD godkjenning .....	vii
2. Intervjuguide (dybdeintervju, ansvarleg for frivillige).....	viii
3. Intervjuguide (dybdeintervju, frivillig).....	ix
4.1 Utdrag frå intervju med respondent 1 .....	x
4.2 Utdrag frå intervju med respondent 2 .....	xiii
4.3 Utdrag frå intervju med respondent 3 .....	xvii
4.4 Utdrag frå intervju med respondent 4 .....	xix
4.5 Utdrag frå intervju med respondent 5 .....	xxi
4.6 Utdrag frå intervju med respondent 6 .....	xxiv
4.7 Utdrag frå intervju med respondent 7 .....	xxvii

## 1. NSD godkjenning



Sture Erling Kvarv  
Institutt for kultur, religion og samfunnsfag Høgskolen i Sørøst-Norge  
Postboks 235  
3603 KONGSBERG

Vår dato: 24.10.2016

Vår ref: 50269 / 3 / STM

Deres dato:

Deres ref:

### TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 28.09.2016. Meldingen gjelder prosjektet:

<i>50269</i>	<i>Undersøking av motivasjon hjå frivillige ved heilårlege kulturinstitusjonar, spesifikt Jazzklubbar i Noreg</i>
<i>Behandlingsansvarlig</i>	<i>Høgskolen i Sørøst-Norge, ved institusjonens øverste leder</i>
<i>Daglig ansvarlig</i>	<i>Sture Erling Kvarv</i>
<i>Student</i>	<i>Daniel Stølen Alme</i>

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meldepliktig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredsstillter kravene i personopplysningsloven.

Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, ombudets kommentarer samt personopplysningsloven og helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, <http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/skjema.html>. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://pvo.nsd.no/prosjekt>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 15.06.2017, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen

Kjersti Haugstvedt

Siri Tenden Myklebust

Kontaktperson: Siri Tenden Myklebust tlf: 55 58 22 68

*Dokumentet er elektronisk produsert og godkjent ved NSDs rutiner for elektronisk godkjenning.*



## 2. Intervjuguide (dybdeintervju, ansvarleg for frivillige)

# Intervju med leiar for frivillige

---

*Kva styrkjar motivasjonen hjå frivillige i ein heilårleg kulturinstitusjon?*

---

### Informasjon

- Informere om oppgåva
- Spørje om lov til opptak (samtykke)
- Informere om anonymisering av transkripsjon
- Open for spørsmål før opptak

*(Starta opptak)*

### Introduksjon

- Kan respondenten fortelje litt om si rolle og kva erfaringar han har med frivillighet?
- Korleis relaterar erfaringa respondenten har med temaet for oppgåva?

### Tema/Spørsmål

Frivillige

- Kor mange frivillige er involverte kvart år?
- Korleis rekrutterar organisasjonen frivillige?
- Kva betyr frivillige for organisasjonen?
- Kva gjer organisasjonen for at dei frivillige vert frivillige over lengre tid?

Motivasjon

- Kva gjer organisasjonen for at deira frivillige er motiverte?
- Har organisasjonen gjennomført nokon form for undersøking av sine frivillige sine motivasjonar eller motiv for å vera frivillige?
- Kva betyr motiverte frivillige for organisasjonen?
- Kva verkar å vera det mest vanlege motivet for frivillige hjå organisasjonen?
- Har organisasjonen opplevd noko som tydelig ikkje motiverar sine frivillige?

Event mot heilårleg

- Kva er forskjellen mellom event og heilårleg institusjon når det kjem til frivillige?
- Korleis kan heilårlege institusjonar læra frå festivalar?

Anna

- Open for anna informasjon, spørsmål

### Avslutning

- Takka for deltakinga
- Informera om når oppgåva vert fullført og kvar den kan finnast
- Informera om anonymiseringa på nytt

*(Avslutta opptaket)*

### 3. Intervjuguide (dybdeintervju, frivillig)

## Intervju med frivillig

---

*Kva styrkjar motivasjonen hjå frivillige i ein heilårleg kulturinstitusjon?*

---

### Informasjon

- Informere om oppgåva
- Spørje om lov til opptak (samtykke)
- Informere om anonymisering av transkripsjon
- Open for spørsmål før opptak

*(Starta opptak)*

### Introduksjon

- Kan respondenten fortelje litt om kva erfaringar hen har med frivilligheit?

### Tema/Spørsmål

Frivillige

- Kor lenge har respondenten vore frivillig?
- Kva type organisasjonar/event har respondenten vore frivillig for?
- Korleis vart respondenten rekruttert til organisasjonen?
- Kva betyr det å være frivillig for respondenten?

Motivasjon

- På ein skala frå 1 til 10 der 1 er lite og 10 er mykje:
  - o Kor motivert er/var respondenten til sin innsats?
  - o Kor krevande finn/fann respondenten sin innsats?
  - o Kor stor vekt la den respondenten på godane som førte med innsatsen?
- Kva gjer/gjør respondenten motivert til frivillig innsats?
- Har respondenten vorte spurt om sin motivasjon for frivillig innsats? Anten før eller undervegs i engasjementet?
- Kor viktig er motivasjon for respondenten?
- Har respondenten opplevd innsats som ikkje motiverar? Brot mellom motivasjon og oppgåve?

Event mot heilårleg

- Kva er forskjellen mellom event og heilårleg institusjon når det kjem til frivillige?
- Korleis kan heilårlege institusjonar læra frå festivalar? Og motsett?

Anna

- Open for anna informasjon, spørsmål

### Avslutning

- Takka for deltakinga
- Informera om når oppgåva vert fullført og kvar den kan finnast
- Informera om anonymiseringa på nytt

*(Avslutta opptaket)*

## 4.1 Utdrag frå intervju med respondent 1

Intervjuar	Respondent
<i>"Eg vil gjerne at du skal starta med å fortella om din rolle og erfaring, om du har nokon utdanning som du nyttar i din jobb osv."</i>	"Jeg har egentlig bare erfaring som frivillig. Begynte å jobbe som frivillig her, som "vanlig" frivillig som gjør, jobber 1 skift i uka og får stedet til å gå rundt da. Ehm, også ble jeg med i et styre, også som frivillig. Og nå er jeg med i det styret som er for hele kvarteret, også frivillig. Nå er mitt ansvar frivillige (småler), rett og slett. Jeg har da ansvar for at vi driver med rekruttering, at vi er på de stedene hvor vi kan rekruttere flest, og at vi har tilstrekkelig med folk i de forskjellige gruppene. Eventuelt om vi må gjøre andre tiltak for å dekke de plassene vi trenger på en måte. Og så har jeg også litt ansvar for sånn personalsaker og sånn, men det har ikke så mye med dette å gjøre. (...)Så rett og slett ivareta de frivillige sin interesse da, for det er utrolig viktig på en hver arbeidsplass da, men kanskje litt ekstra eller på en annen måte når det bare er frivillige her."
<i>"Kor mange frivillige er involvert her på bygget i løpet av eit år?"</i>	"I løpet av et år? Det er litt vanskelig å si, vi pleier å si at vi er rundt 400 frivillige på huset. Men så er det ganske stort gjennomtrekk, hvertfall i den største gruppa vår som er cafégruppa. Der er det veldig mange utvekslingsstudenter som jobber. (...)Mange av de er bare her (i byen) et halvt år ikke sant, så kommer det nye. Og i den gruppa så snakker vi kanskje i underkant av 100. Ikke alle de byttes ut, men en stor del av de byttes ut hvert halvår da. Jeg vil si mellom 400-500 iløpet av et år, også er det jo veldig mange som jobber her lenge da. Men totalt prøver vi å ha 400 for at det skal gå "smud" da, eller sånn."
<i>"Det er på ein måte ei grensa som har komen naturleg av behov?"</i>	"Ja, det er det. Altså, vi har jo som den store organisasjonen vi er på en måte, så har vi jo mulighet til å ha veldig mange grupper. Sånn som de mindre barene har jo bare bardrift ikke sant, "Kronbar" og "Ad fontes" (to andre studentbarer i Bergen) og sånn. Men vi har jo faktisk mulighet til å faktisk ha folk som jobber i tre barer, vi har mulighet til å ha kjøkken og liksom egen PR-gruppe, og vi har veldig mange muligheter. Og da må vi også ha mange folk, men det jobber litt sånn med hverandre, for jo flere muligheter du har jo flere folk får du også naturlig ikke sant? Men det er klart at viss det blir få, så merker man det også på de frivillige, ikke sant, fordi det ikke er så gøy å jobbe fire skift i uka når du egentlig skal jobbe ett. Men, så kan vi heller ikke styre hvor de frivillige har lyst til å være. Så viss vi har, vi kan godt ha 400 frivillige på hus, men 50 av de vil jobbe med PR ikke sant. Da er det fortsatt ganske lavt nede til å dekke de andre stedene også."
